

FoU-melding for Høgskulen i Volda 2014.

Av Johann Roppen, FoU-rådgivar

Lagt fram for som sak for Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda 16. september 2014.

Revidert versjon lagt fram som orienteringssak for Forskingsutvalet 14. oktober 2014.

Godkjent av høgskulestyret 29. oktober 2014.

Innhald

1.	Innleiing og kjelder	4
2.	Hovudpunkt frå FoU-meldinga	5
3.	Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU	6
3.1	Organisering av FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda	6
3.1.1	<i>FoU-strategi</i>	6
3.2	Eksterne forskningssamarbeid	8
3.3	Sentrale støtteordningar for FoU-arbeid	9
3.4	Publisering i skriftseriane, trykkjestøtte og Fri tilgang (Open Access) publisering	10
3.5	Internasjonalisering av forskinga	11
3.6	Doktorgradsutdanning	12
3.7	Førstelektorkurset	15
3.8	Kompetanseopptrykk 2013	16
3.9	Interne forskingsprogram og såkornmidlar	16
3.10	Kvalitetssikring, forskningsetikk og personvern	17
4.	Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn	20
4.1	Fagleg kompetanse på HVO	21
4.2	Aldersfordeling	23
4.3	Kjønnsfordeling	24
4.4	Mellombels tilsette	26
5.	Publisering og formidling	27
5.1	Produksjon av vitenskaplege FoU-poeng ved Høgskulen i Volda	27
5.2	Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker	29
5.3	Publisering etter kompetanse	29
5.4	Publisering og kjønn	30
5.5	HVOs vitenskaplege aktivitet samanlika med andre statlege høgskular	31
5.6	Formidling (interne publikasjonspoeng)	31
5.7	Andel av tilsette som publiserer	32
5.8	FoU-produksjon og undervisningsomfang	33
6.	Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid	35
6.1	Forskningsmidlar til statlege høgskular	35
6.2	EU-midlar	38
7.	Status i høve til strategiplan for 2013-2017	39
7.1	HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.	39

7.2 HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet.	40
7.3 HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å integrere dei i konkrete prosjekt.....	40
7.4 HVO skal organisere FoU i forskingsgrupper og program med tydeleg leiing.	41
7.5 Auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.	41
7.6 Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk.....	41
7.7 Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innafor UH-nett Vest, RSA Møre, Mørealliansen og Møreforskning.	42
8. Oppsummering.....	43
Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda	44
Vedlegg 2: Årsverk i faglege stillingar 2013 for HVO.....	45
Vedlegg 3: Kvalitetssikring av forskning ved HVO – tilpassa Høgskolen i Moldes system.	46
Vedlegg 4: Døme på utviklingsarbeid ved HVO.....	49

1. Innleiing og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda ønskjer å få årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens FoU-arbeid. Forskingsmeldinga presenterer hovudtrekk ved forskingsaktiviteten ved høgskulen og tek opp sentrale utfordringar og målsettingar. Meldinga omfattar i utgangspunktet status pr 31. desember 2013, men der det er tilgjengeleg informasjon om utviklinga i 2014 er dette omtala.

Forskingsmeldinga for 2014 inneheld stort sett same informasjonen som i meldinga for 2013, og er lagt opp etter same mal. FoU-meldinga skal fungere som ein statusrapport i høve til framdrift i FoU-planen. Tiltak som er nemnde i FoU-planen skal også vere dokumenterte i FoU-meldinga.

Kunnskapsdepartementet har presentert universitets- og høgskulesektoren for ei rekkje utfordringar, og på FoU-relevante område er status for HVO i høve til desse utfordringane omtala.

Meldinga er organisert i fire kapittel:

- Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU.
- Fagtilsette, kompetanse, alder og kjønn.
- Publisering og formidling.
- Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid.

Det er i hovudsak to eksterne datakjelder som har vorte nytta i arbeidet med FoU-meldinga.

Det er for det første Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste (NSD) sin Database for statistikk om høgare utdanning der det blant anna er tilgjengeleg statistikk omkring stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette i Noreg. Når denne kjelda har vorte nytta er tabellane markert med DBH. Meir informasjon om DBH er tilgjengeleg her: <http://dbh.nsd.uib.no/omdbh/index.action>.

Ei sentral eining i tabellverket frå NSD er at talet på tilsette ikkje er gjennomsnitt for eitt kalenderår men «personalsituasjonen pr 1.10. det enkelte år».

I DBH-statistikken er tilsette ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) teke med i rapporteringa for Høgskulen i Volda, men er i denne forskingsmeldinga ikkje teke med utan at det er særleg spesifisert. Ivar Aasen-instituttet (IAaI) opptrer i DBHs data framleis som ei eiga eining, men om ikkje anna er spesifisert vert IAaI her rekna som ein del av AHL.

Den andre sentrale datakjelda er Forskingsinformasjonssystemet CRISTin der blant anna vitskaplege publiseringar frå vitskapleg tilsette ved Høgskulen i Volda og alle andre høgskular og universitet blir registrerte. Når denne kjelda har vorte nytta er tabellane merka med CRISTin. Meir informasjon om CRISTin er tilgjengeleg her: <http://www.cristin.no/> Ei potensiell feilkjelde hos CRISTin er at systemet fungerer delvis etter prinsippet om sjølvrapportering, der kvar einskild forskar sjølv skal legge inn informasjon om publiseringar.

Dokumentet «Tilstandsrapport for høgare utdanning» er ein rapport som tek føre seg både utdanning, forskning og andre spørsmål knytt til vår sektor. FoU ved Høgskulen i Volda er nemnt særleg nokre stader i Tilstandsrapporten og vil bli nærare omtala her.

2. Hovudpunkt frå FoU-meldinga

- Det vart gjennomført sju doktorgradsdisputasar i 2013 – det er ny rekord. Det har vorte tilsett 9 nye stipendiatar i 2014.
- Høgskulen fekk i juni 2014 godkjent søknaden om å starte PhD-utdanning i lag med Høgskulen i Molde. Dette er den første felles PhD-utdanninga mellom to høgskular i Noreg.
- Det var 11 søkjarar på professorstipend. To av dei tek til i stipendet hausten 2014. Forskingsutvalet har vedatt å lyse ut inntil tre nye stipend i 2014.
- Omfanget på publisering gjekk tilbake også i 2013, særleg på ei avdeling.
- Høgskulen ligg svakt an når det gjeld tal søknader og gjennomslag på midlar frå Noregs Forskingsråd. Høgskulen fekk heller ikkje i 2014 gjennomslag på søknad om forskingsmidlar innanfor ordninga for Strategiske Høgskuleprosjekt (SHP).

3. Strategiarbeid og sentrale verkemiddel for FoU

FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda vert utført av den einskilde forskaren, i forskings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelings og fellesnivå. Ideelt sett skal desse nivåa vere tett integrerte, og strategiplanen for FoU er det viktigaste verktøyet for å få det til. Denne FoU-meldinga er eit verktøy for å synleggjere og konkretisere dei strategiske måla og knyte dei i hop med kvar einskild forskar sitt arbeid.

3.1 Organisering av FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda

3.1.1 FoU-strategi

FoU-arbeid er ein viktig del av den overordna strategien til Høgskulen i Volda som sist vart vedteken av styret 31. januar 2014. Høgskulens visjon er:

Kunnskap for framtida.

I styrebehandlinga av strategiplanen vart det lagt vekt på at mål og tiltak skal vere konkrete og målbare.

Under overskrifta Forsking og Utviklingsarbeid står følgjande:

- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.
- HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet.
- HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å integrere dei i konkrete prosjekt.
- HVO skal organisere FoU i forskingsgrupper og program med tydeleg leiing.

Strategiplanen peikar ut tiltak for perioden 2014-2017, og i følgjande tiltak handlar mest direkte om FoU:

- Auke dei eksterne inntektene gjennom fornå satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.
- Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk.
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innafor UH-nett Vest, RSA Møre, Mørealliansen og Møreforsking.

Disposisjonen av FoU-meldinga har ikkje vorte endra som følgje av den nye strategiplanen og resultatane er difor å finne på ulike stader i meldinga. For å gje eit samla oversyn over det som er etterspurt i FoU-planen er det til slutt i FoU-meldinga gitt eit samla oversyn på punkta i strategiplanen.

Det overordna dokumentet for styring av forskning og utvikling (FoU) ved Høgskulen i Volda er «Strategiplan for Forsking og utvikling (FoU) 2012-2015» (FoU-planen) som vart vedteken av styret

ved Høgskulen i Volda 26. april 2012. Planen vart vedtatt etter ein omfattande prosess der heile organisasjonen vart engasjert.

Den overordna visjonen for FoU ved HVO er formulert slik:

«Høgskulen i Volda skal bygge FoU-aktiviteten på ei brei humanistisk og samfunnsfagleg felles plattform. Den regionale og nasjonale forskingsprofilen vår skal utviklast vidare på dette grunnlaget.»

3.1.2 Forskingsutvalet og FoU-administrasjonen

Forskingsutvalet er høgskulens sentrale organ i forskningsspørsmål med mandat frå styret i spørsmål som gjeld:

- Institusjonell kunnskapspolitikk og strategiar for FoU.
- Kultur- og miljøbygging.
- Forskarutdanning- og kompetansebygging.
- Rekruttering av nye forskarar.
- Tilrettelegging for etablerte forskarar.
- Ha kontakt med og stimulere arbeidet i forskingsgruppene.

Rektor leiar Forskingsutvalet. Avdelingane er representerte med dekan og ein annan fagleg representant, studentane har to representantar i Forskingsutvalet, og stipendiatane har med ein representant. I tillegg har Møreforskning observatørstatus. Utvalet består av 12 faste medlemmer og 6 observatørar.

FoU-administrasjonen er samansett av FoU-rådgivar Johann Roppen og FoU-konsulent Geir Tangen.

FoU-rådgivar er saksbehandlar og skrivar for Forskingsutvalet, skriv FoU-meldinga, koordinerer søknadsprosessar og kontakt mot fagmiljøa, blant anna stipendiatane. FoU-konsulent er saksbehandlar og skrivar for Publiseringsutvalet, administrerer skriftseriane, Forskingsdagane, har ansvar for kvalitetssikring av FoU-registreringar (CRISTin) og for FoU-administrasjonens nettsider.

Av oppgåver omtalte i FoU-planen og i Rapport og Planar har FoU-administrasjonen eit naturleg ansvar for koordinering av ressursar til forskarskular, kurs og faglege forum, evaluering av interne satsingar som forskingsprogram og stipendiatprogram og formidling av forskning.

3.1.3 FoU-arbeid på avdelingane

Det meste av FoU-arbeidet foregår på avdelingane gjennom dei vitenskapleg tilsette sin FoU-andel av sine stillingar. Dekan på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar einskild tilsett får definert både undervisning og FoU.

Ramma for tildeling av FoU-ressurs er eit styrevedtak 25/1999 der det vart vedteke følgjande retningsgjevande satsar for bruk av FoU-tid på avdelingane:

Tabell 1:

Retningsgjevande satsar for tidsbruk innanfor ulike stillingstypar på HVO.

Stillingstype	Undervisn.	FoU	Fagleg fornying	Administrasjon	Forskings- (rett)-leiing	I alt
Professor/dosent *)	35	35	10	5	15	100
1.am./1.lektor	50	35	10	5		100
Aman/h.lekt.	55	30	10	5		100
Høgsk.l.	80	0	15	5		100

*) Gjeld berre professorar og dosentar tilsett i stilling – ikkje etter personleg opptrykk.

I 2013 tok Forskingsutvalet opp att spørsmålet gjeldande felles kriterier for tildeling av FoU-ressurs, blant anna med utgangspunkt i utgreiingane og styrevedtaka frå 1999. Hausten 2013 vart det oppretta ei arbeidsgruppe som skulle vurdere spørsmåla omkring fordeling av arbeidstid på FoU og andre føremål. Gruppa la fram sin rapport 12. mars 2014 og kom der med framlegg til endringar av fordeling av FoU-tid ved Høgskulen i Volda. Rapporten har vorte drøfta av Forskingsutvalet, og vidare behandling skal sjåast i samanheng med to andre rapportar: BOA-rapporten (om oppdragsinntekter) og rekrutteringsrapporten.

Det er eit strategisk mål i HVOs FoU-plan at avdelingane skal auke prosjektsamarbeidet på tvers av avdelingane. Dette har ikkje tidlegare vorte systematisk undersøkt så det er vanskeleg å vite sikkert korleis utviklinga ser ut.

3.2 Eksterne forskningssamarbeid

FoU-Plan	Rapport og planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.7 HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskular innanfor strategisk viktige område. 5.14 HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest. 5.16 HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning.	Utfordringar og sentrale risikovurderingar • at vi utnyttar eigarskapen til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskningssatsingar Tiltak i perioden 2011 til 2014 • Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk • Etablere forskarskular i samarbeid med UH-nett Vest • Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt

Høgskulen i Volda har ei rekkje regionale og nasjonale samarbeidspartnarar på institusjonsnivå og i konkrete forskingsprosjekt.

Høgskulen i Volda eig Møreforsking AS i lag med dei andre høgskulane i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune. Møreforsking Volda arbeider på fagområde som også er viktige høgskulen. Prosjektsamarbeidet mellom HVO og Møreforsking Volda er truleg på det lågaste nivået nokon gong. Representantar for Møreforsking har hatt møte med både HVOs leiing, med HVOs styre og med Forskingsutvalet for å sette spørsmålet på dagsorden. Spørsmålet har vore drøfta fleire gonger i Forskingsutvalet og vil også vere tema på eit møte om FoU hausten 2014

Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde har i 2014 fått godkjent planar om felles PhD-utdanning frå NOKUT og Kunnskapsdepartementet. Dette er den første felles PhD-utdanninga i samarbeid mellom to statlege høgskular.

Forskingsmiljøa i Møre og Romsdal samarbeider også gjennom Forskingsforum Møre, som vert koordinert av Forskingsrådets regionale representant.

På tvers av fylkesgrensene deltek Høgskulen i Volda i forskningssamarbeidet UH-Nett Vest som i tillegg til Volda består Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Bergen, Høgskulen i Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen. Volda deltek aktivt i forskingsgruppene innanfor UH Nett Vest og ei av gruppene har fått tilslag på Forskingsrådsmidlar innanfor FINNUT-programmet innanfor tematikken matematikkundervisning. Siv Måseidvåg Gamlem (AHL) har fått finansiering tilsvarende post.doc. midlar gjennom dette prosjektet.

Høgskulen i Volda deltek også i Midtnorsk nettverk som består av høgskular frå Volda i sør til og Høgskulen i Nord-Trøndelag i Nord, men Volda har i liten grad delteke i prosjektaktivitetar innanfor nettverket.

3.3 Sentrale støtteordningar for FoU-arbeid

3.3.1 FoU-stipend

FoU-stipend er ei veletablert ordning ved Høgskulen i Volda. Føremålet med ordninga er å gje fagleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Kvart år har det vorte delt ut 10 FoU-stipend etter ein prosess der alle fast tilsette vert inviterte til å kome med søknader. Det er Forskingsutvalet som prioriterer FoU-stipenda. For 2015 har Forskingsutvalet tilrådd at FoU-stipenda vert auka til kr 190.000 og vidare at talet på FoU-stipend blir auka fordi det har vorte innført ei ordning med professorstipend der FoU-stipend også er eit sentralt virkemiddel.

Ordninga med FoU-stipend er vel kjent og innarbeidd ved HVO, og er også eit viktig element for den 5-årige doktorgradsordninga der fast tilsette som går inn i ordninga får to FoU-stipend i løpet av PhD-studiet. Det siste året har det vore ein auke i tilsette som går inn i 5-årige doktorgradsordningar noko som vil binde opp fleire FoU-stipend i åra som kjem.

Tabell 2: Utvikling i verdi på FoU-stipend ved HVO 2006-2015. Tal stipend, beløp pr stipend og samla kostnad i budsjettet. Framlegg for 2015 (Jf FU Sak 23/2014).

	2006-2012	2013	2014	2015 (framlegg)
Stipend	10	10	10	11
Beløp pr stipend	120 000	140 000	170 000	190 000
Budsjett	1 200 000	1 400 000	1 700 000	2 090 000

Rapporteringa for bruken av FoU-stipenda for 2012 og 2013 tyder på at det var vanskeleg for ein del stipendmottakarar å gjennomføre FoU-stipenda som planlagt, og det vert difor understreka at tilfredsstillande vikarordning må vere på plass før ein kan ta i bruk stipendet. Før utlysing av foU-stipend våren 2015 vil det bli lagt fram nye retningslinjer.

I HVOs FoU-plan er rekruttering av fleire kvinner til toppstillingar rekna som ei viktig utfordring, og under strategiske arbeidsmåtar står det at kvinner som er nær toppkompetanse skal prioriterast ved tildeling av stipend, stønader eller forskingstid.

I åra 2011-2015 har kvinner fått tildelt 25 av 50 FoU-stipend.

3.3.2 Små driftsmidlar

I åra 2006-2010 fanst det ei nasjonal ordning for finansiering av ulike slag mindre driftskostnader ved FoU-verksemda til fagleg tilsette. Frå 2011 vart ordninga lagt inn i rammeløyvinga til institusjonane. Høgskulen i Volda har valt å vidareføre ordninga etter mønster frå tidlegare. Små driftsmidlar vert tildelt av leiinga etter tilråding frå Forskingsutvalet. Forskingsutvalet har laga kriterier for ordninga. Blant anna er det sett ei øvre grense på tildeling på kr 30.000 til einskildpersonar og kr 60.000 til forskingsgrupper. Forskingsutvalet har sett at det er eit viss etterslep i bruken av midlane ved at ikkje alle prosjekt klarer å bruke opp midlane som føresett det året midlane blir tildelt.

Forskingsutvalet ønskjer før neste tildelingsrunde våren 2015 å ha ein gjennomgang av strategiske perspektiv knytt til tildeling av Små driftsmidlar.

3.4 Publisering i skriftseriane, trykkjestøtte og Fri tilgang (Open Access) publisering

Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda oppretta i 2013 underutvalet Publiseringsutval som har ansvaret for rådgjeving og utvikling når det gjeld publisering, Fri Tilgang (Open Access), rapportering av vitskaplege publikasjonar og tildeling av interne FoU-poeng. Publiseringsutvalet er også redaksjon for skriftseriane og kan tildele trykkjestøtte. Rektor er leiar for publiseringsutvalet. FoU-konsulent Geir Tangen er saksbehandlar for Publiseringsutvalet.

Skriftseriane er eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Møreforsking Volda. Det vert gjeve ut to skriftseriar; Rapport og Notat, med ulike tersklar for kvalitetssikring og godkjenning. Alt som vert publisert i skriftseriane vert gjort gratis tilgjengeleg på høgskulens nettsider.

Fagleg tilsette ved dei to institusjonane kan publisere i skriftseriane. Føremålet er å tilby eit supplement til nasjonale og internasjonale forlag og tidsskrift. Møreforsking Volda brukar seriane som allmenn publiseringskanal for rapportar frå oppdragsprosjekt.

Høgskulen i Volda har ei ordning for trykkjestøtte som er eit tilskot som vert gjeve for å sikre publisering i eksterne publiseringskanalar, først og fremst på forlag. Vitskaplege monografiar blir prioritert, men også andre typer utgjevingar kan få stønad. Stønadsbeløpet vil variere med trykkjekostnader og budsjettsituasjon.

Tildelingar av trykkjestøtte er publisert på nettsidene til publiseringsutvalet. Tildelt trykkjestøtte i 2013 var i alt kr 69.000, mot kr 91.000 i 2012. Begge åra var det fem bøker som fekk støtte.

Høgskulen sette i budsjettet for 2014 av kr 100.000 i eit fond for å betale forfattarandelar i Fri tilgang (Open Access) publisering av tidsskriftartiklar. Dette er ei prøveordning for 2014-2015. Førebels har det ikkje kome søknader til fondet.

3.5 Internasjonalisering av forskinga

FoU-plan	Rapport og Planar
2. Utfordringar 2.10 få meir fokus på internasjonalisering 3. overordna mål 3.8 arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag 3.12 ha internasjonal standard, aukande samarbeid med forskarar i andre land også innafor EU- programma 4. Resultatmål i planperioden 4.2 Minst 50 % av dei tilsette med FoU-ressurs har kommunisert faget sitt internasjonalt: på konferanse, i antologi, monografi, tidsskrift eller prosjektdeltaking. 5. Strategiske arbeidsmåtar 5.15 Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under Horizon 2020. 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå 7.6 Tiltak som kan auke graden av internasjonalt engasjement	Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprosjekt og andre større forskingsprosjekt. Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga <i>Resultatmål:</i> HVO legg no til rette for at stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Vilkår for støtte til utanlandsopphald er formalisert i dokumentet Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO.

Høgskulen i Volda har fått sitt første formaliserte internasjonale forskningssamarbeid med ein utanlandsk institusjon gjennom ein avtale med University of Cardiff. HVO-forskarar samarbeider også med internasjonale forskingsmiljø på einskildprosjekt. HVO-tilsette er også tilknytte internasjonale

nettverksbyggande tiltak som til dømes EUs COST Action. Dette var ei utløysande årsak til at HVO i 2013 fekk midlar på prosjektet «Travelling Texts, 1790-1914», som ein av fleire samarbeidspartnarar.

Ved Avdeling for mediefag har det i fleire år vore eit fagleg samarbeid omkring «Kald krig»-prosjektet.

Lista over publikasjonar ved HVO for 2013 syner at 33 av 82 arbeid var skrivne på engelsk, og i tillegg var eitt skrive på tysk. I 2012 var det 25 arbeid skrivne på engelsk. I alt var det 26 HVO-tilsette som var (med)forfattarar av publiseringar på engelsk i 2013, mot 17 2012. Så både talet på arbeid skrivne på engelsk eller tysk og talet på HVO-tilsette som publiserer på framande språk har auka.

3.6 Doktorgradsutdanning

På høgskulens nettsider står det oversyn over alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved Høgskulen i Volda. Pr 10. august stod det 37 namn på lista. Lista omfattar både stipendiatar som er tilsette ved Høgskulen, stipendiatar som er ferdige med stipendiatperioden men ikkje har levert avhandlinga, tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt innanfor den femårige ordninga eller med dr.philos prosjekt.

I 2013-2014 lyste høgskulen ut 8 stipendiatstillingar. Etter vurderingar av søkjarmassen har ei stilling vorte dregen tilbake og blir lyst ut på nytt. I dei 7 stillingane har det vorte tilsett 9 personar då det var fleire godt kvalifiserte søkjarar. 10. august 2014 var 7 av desse 9 på plass i Volda. Det har teke ca 15-20 månader frå stillingane vart tilrådd utlyste av forskingsutvalet fram til stipendiatane faktisk er på plass. Hausten 2014 vil det bli vurdert å lyse ut nye stipendiatstillingar.

Dei siste 20 åra har over 100 HVO-tilsette arbeidd med doktorgradsprosjekt. Det kan ha skjedd i form av stipendiatstilling på HVO eller andre stader, tilsette kan ha arbeidd sjølvstendig med dr.philos avhandling eller fått FoU-stipend eller andre forskingsmidlar med doktorgradsarbeid som eit siktemål.

FoU-Plan	Rapport og Planar
2. Utfordringar 2.3 få betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar 3. Overordna mål 3.10 legge til rette for at stipendiatane kan gjennomføre doktorgradsarbeidet på normert tid 4. Resultatmål 4.7 Minst 75 % av dei som har planlagt å fullføre doktorgrad med støtte frå HVO i planperioden har fullført. 5. Strategiske arbeidsmåtar: 5.7 HVO vil nytte seg av ressursane som ligg i forskarskulane vi har avtale med: Religions, Values, Society, Nasjonal Forskerskole for	Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga <i>Resultatmål:</i> (...) Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidersamtale minst ein gong i året. Dette blir gjennomført på alle avdelingane. Høgskulen i Volda legg til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald. HVO legg til rette for at

Lærerutdanning og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, og delta i etableringa av nye forskarskuler innanfor strategisk viktige område. 5.8 Stipendiatar skal følgjast opp slik det går fram av regelverk for stipendiatar, revidert 2011. Rettleiinga skal ha spesielt fokus på planlegging for gjennomføring. Ein skal nytte seg av stipendiatane sine erfaringar og undervegs-evaluering for å sikre god tilrettelegging. 6. Tiltak på fellesnivå 6.7 Gjere ein gjennomtenking av HVO sine personalbehov og prioritere framtidig stipendiatsatsing 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå 7.4 Tiltak som kan betre gjennomføringsgraden for doktorgradskandidatar	stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Villkåra for støtte til utanlandsopphald er formalisert i dokumentet Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO. Kommentarar: Stipendiatsatsinga er svært viktig for Høgskulen i Volda. For å betre gjennomstrømminga er det gjort grep i alle deler av stipendiatoppfølginga. Før tilsetting vert aktuelle søkjarar innkalla til intervju for å formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Stipendiatar blir ikkje formelt tilsett før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Dei fleste stipendiatane blir knytte til større interne program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. For å sikre smidig start er det sett av ressursar til ei fadderordning for nye stipendiatar. Medarbeidersamtale blir brukt som verktøy for å følgje opp stipendiaten undervegs og til å gjere naudsynte grep for å sikre framdrifta. Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013. (...) Forskningsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørande stipendiatar og andre i doktorgradsløp.
--	---

3.6.1 Ressursar til og prioritering av stipendiatar

Stipendiatstillingar er den viktigaste av dei sentrale FoU-ressursane ved Høgskulen i Volda. Høgskulen har løyvingar som tilsvarer 14 stipendiatar i treårsløp eller ca 19 i fireårsløp. Pr 10. august er det 18 personar som arbeider som stipendiatar ved Høgskulen. Talet på stipendiatar i arbeid er høgare enn talet på heimlar på grunn av at fleire stipendiatar er inne i fireårige ordningar.

HVO har dessutan fått løyvingar til stipendiatstillingar gjennom eksternt finansierte prosjekt. I 2014 er det ein stipendiat på SPEED-prosjektet på AHL som er eksternt finansiert, og ein post.doc. er finansiert av eit anna prosjekt i samarbeid gjennom UH Nett Vest.

3.6.2 Gjennomstrøyming av stipendiatar

Så godt som alle stipendiatar får forlenga sine stipendiatperiodar på grunn av sjukdom, omsorgspermisjon og einskilde andre faktorar. Det er difor svært få stipendiatar som fullfører sine prosjekt på tidspunktet som blir avtala ved prosjektstart.

På nasjonalt plan er det i underkant av 50 prosent av stipendiatane innanfor samfunnsfag og humaniora som har fullført sin doktorgrad 5 år etter at dei starta. Etter 7 år er det knapt 2/3 som har fullført doktorgrad.¹

I 2013 vart det gjennomført 7 disputasar av HVO-tilsette eller stipendiatar som hadde vore HVO-tilsette. Dette var det høgste talet på disputasar ved HVO for noko år. Pr 1. september 2014 hadde fire tilsette ved HVO disputert og fleire stipendiatar har sine avhandlingar inne til vurdering, så også 2014 blir eit godt år for HVO.

Det er til dels store skilnader mellom avdelingane når det gjeld fullføringsgrad for stipendiatar og fordeling mellom stipendiatar og tilsette som har fullført doktorgrad innanfor FoU-tid av stilling.

HVO har eit mål om 75 prosent fullføringsgrad for stipendiatar. Dette kan vere eit realistisk mål, men ikkje etter 6 år etter påbegynt doktorgradsstudium.

For å gjere det lettare for stipendiatane å gjennomføre sine doktorgradsprosjekt vart det gjort fleire grep i 2011. Den interne stillingsressursen til oppfølging av stipendiatar vart auka. Samtidig vart driftsmidlane til stipendiatar auka. Gjennom rullering av regelverket *Reglar rettar og pliktar for stipendiatar ved HVO* er også støtteordningar for språkvask og utanlandsopphald styrka.

I 2014 vedtok Forskingsutvalet for første gong å gje støtte til utanlandsopphald for ein stipendiat som tok med seg familien på forskingsopphald i utlandet.

3.6.3 Stipendiatprogramma og avhandlingsforum

Det overordna strategiske perspektivet for å styrke gjennomføringsgraden for stipendiatar har vore å opprette to stipendiatprogram: I fagdidaktikk og profesjonsforskning. Fagdidaktikk-programmet er i ferd med å bli avslutta og vil bli evaluert i full breidde i 2014.

Eit anna sentralt verkemiddel for å følgje opp stipendiatene er Avhandlingsforum der stipendiatar og andre som arbeider med PhD-prosjekt legg fram prosjektskisser, utkast til kapittel og artiklar. Avhandlingsforum er leia av professor Jan Inge Sørbo og med professor II Willy Pedersen og professor Irene Bele som bidragsytarar

FoU-plan	Rapport og planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.3 Høgskulen vil følgje opp dei interne forskingsprogramma som vart tildelt i førre periode og evaluere desse med tanke på moglege nye satsingar på andre fagfelt.	<i>Resultatmål:</i> Høgskulen i Volda skal evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program. Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013.

¹ Wendt, Kaja. 2011: Det norske forsknings- og innovasjonssystemet – statistikk og indikatorer. Norges forskningsråd. Oslo.

	Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2012. Fagdidaktikkprogrammet har halde fram i 2012. Seks stipendiatar er knytt til programmet. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal vidareførast i 2012. Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning er vidareført i 2012. Tre stipendiatar følgjer programmet. En fjerde person har takket ja til stipendiatstilling og vil bli tilsett under føresetnad av opptak på godkjent doktorgradsprogram.

3.6.4 Forskarskular

Innanfor forskarutdanning (PhD-utdanning) er høgskulen medlem i forskarskular på område som er fagleg relevante for våre fag og doktorgradsprosjekt.

I dag er HVO med i desse forskarskulane:

- NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning)
- NATED (National Graduate School in Education)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies
- RVS (Religion Values Society)

Felles for desse forskarskulane er at HVO forpliktar seg som institusjon til å delta – i det minste i form av å betale for medlemsskap. Deltakinga i forskarskulane frå HVOs stipendiatar varierer. Til dømes er det berre ein stipendiat som deltek i NAFOL, trass i at dette er eit gratis tilbod.

Forskningsutvalet vil hausten 2014 evaluere og vurdere deltaking og utbytte av forskarskulane med sikte på å vurdere både medlemskap i skulane og institusjonens og stipendiatanes forpliktingar overfor forskarskulane.

3.7 Førstelektorkurset

Førstelektorkurset var også tema i evaluering av FoU-satsingar vinteren 2013. Førstelektorkurset vart starta som ei alternativ løype ved sidan av kursa i vitenskapsteori og metode i regi av UH Nett Vest, då det vart bestemt at UH Nett Vest kursa skulle rettast inn mot doktorgradsutdanning. Førstelektorkurset omfattar vitenskapsteori, metode og vitenskapleg skriving.

Det har vore ein tendens til at tilsette har skifta frå førstelektorløypa til ordinære PhD-løypa, blant anna ved å gå over til 5-årige PhD-stipend.

Forskningsutvalet ved HVO ønskjer å vurdere Førstelektorprogrammet som eiga sak seinare hausten 2014.

3.8 Kompetanseopptrykk 2013

Høgskulen har ei rekkje verkemiddel for å heve kompetansen i organisasjonen. Tabellen nedanfor gir eit oversyn over resultatet av kompetansehevingsaktivitetar og faglege opptrykk i 2010-2012.

Tabell 3:

Kompetanseheving ved Høgskulen i Volda 2010-2012. Opptrykk. *)

År	Dr. gradsløp	Disputas	Førstelektor	Første- amanuensis	Professor
2012	29	4	6		4
2011	34	1	1		3
2010	30	1	3		0

Kjelde: DBH. *) Tal for 2013 låg ikkje føre 10. august 2014.]

Den klart største satsinga på kompetanseheving er retta mot doktorgrad og kompetanse som førsteamanuensis.

I januar 2014 vart det halde opptrykksmarkering for 29 tilsette² ved HVO som i løpet av åra 2011, 2012 og 2013 hadde fått kompetanseopptrykk til førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor – og som framleis var tilsette ved HVO. I løpet av dei tre åra har fleire av dei som har fått opptrykk flytta frå Volda, ein er død, somme stipendiatar har ikkje fast tilsetting ved HVO, nokre nyttilsette fekk kompetanseopptrykk ved tilsetting i Volda, så dette er i praksis eit vanskeleg mål å nytte på utviklinga i høgskulens kompetanse.

3.9 Interne forskingsprogram og såkornmidlar

Hausten 2010 vart den interne FoU-satsinga «Interne forskingsprogram» lansert. Føremålet var å prioritere interne ressursar i fokuserte program for å oppnå langsiktig og målretta FoU-innsats på dei strategiske satsingsområda til høgskulen. Innanfor ordninga vart det etablert to verkemiddel: forskingsprogram og såkornmidlar.

Tre program mottok til saman kr 900.000,- pr år i fire år:

- Roar Amdam, ASH: *Offentleg innovasjon, læring og planlegging* 100.000,-
- Peder Haug, AHL: *Lærer- og elevrolla i dagens skule* 400.000,-
- Rolf Werenskjold, AMF : *Fra Helsinki-konferansen til Berlinmurens fall:*
- *Mediene og journalistikken i den andre kalde krigen.* 400.000,-

² I alt vart det notert 8 opptrykk til professor, 1 til dosent, 8 til førstelektor og 12 til førsteamanuensis. Ein av førsteamanuensane vart også professor.

I tillegg har Jon Olav Myklebust og Rune Kvalsund fått strategiske midlar til sitt prosjekt om Særvilkårselevar.

Det vart lyst ut 8 stipendiatstillingar i mars 2013, men det er berre eitt av forskingsprogramma som har vorte tildelt ei stipendiatstilling. Dette er eit brot med forventningane som kunne stillast til programma ved prosjektstart i høve til fagleg spissing.

Vurderinga til Forskingsutvalet våren 2013 var at det var for tidleg å vurdere om ordninga med internt finansierte forskingsprogram bør følgjast opp vidare som ei ordning også i framtida. Det varierer mykje i kva grad prosjekta lukkast med å skaffe tilleggsmidlar utanfrå. Sterkast gjennomslag har Peder Haug fått med eksterne forskingsmidlar på over kr 11 mill i samarbeid med Høgskulen i Hedmark og Universitetet i Stavanger.

3.10 Kvalitetssikring, forskningsetikk og personvern.

Regjeringa har sett forskingskvalitet på dagsorden i høgare utdanning og vil blant anna at kvalitet skal vere eit viktig kriterium for framtidig struktur i høgskulesektoren.

Høgskulen i Volda har eit gjennomarbeidd og NOKUT-godkjent system for kvalitetssikring av utdanning. NOKUT har ikkje stilt krav om kvalitetssikringssystem for forskning. For akkreditering av doktorgradsutdanningar («Tredje syklus») vert det stilt høge krav til forskarkompetanse hos undervisningspersonellet og dermed også indirekte til institusjonens kvalitetsarbeid når det gjeld forskning.

Høgskulen i Volda har over år innført ei rekkje kvalitetssikringstiltak for forskning, men dei har ikkje vore samla i eitt dokument.

Når det gjeld forskningsetikk og personvern i forskinga så har Høgskulen slutta seg til felles nasjonale retningslinjer og ordningar.

3.10.1 Kvalitetssikring av forskning

Høgskulens kvalitetssystem vart sist godkjent av høgskulestyret 7. mars 2013 og er tilgjengeleg på nettsidene³.

Kvalitet i forskinga er kort omtala under 4.2 Rammekvalitet (utdrag nedanfor):

Mål	Tiltak	Ansvarleg
HVO skal ha fagleg tilsette med høg kompetanse	Forskningsprogram Kompetansehevingsprogram (Lenke til HMS-system)	Rektoratet/direktør/ dekanar/personal- direktør

³ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/om-hogskulen/kvalitetsarbeid>

I søknaden om akkreditering av PhD-studiet i helse og sosial skriv dei to høgskulane at for PhD-studiet skulle kvalitetssikringssystemet ved Høgskulen i Molde leggest til grunn. Dette systemet er tilgjengeleg på nettsidene til Høgskulen i Molde.⁴ I praksis vil det felles PhD-utvalet for dei to høgskulane fungere som kvalitetssikringsorgan for sentrale sider ved PhD-utdanninga. Vidare tilrådde NOKUT at Høgskulen i Volda burde «(...) organisere faste forskningsgrupper, på lignende måte som i Molde» (punkt 7-2 7.)

Høgskulen i Volda arrangerte 15. september 2014 eit ope møte på HVO omkring temaet forskingsgrupper og forskningssamarbeid. Der deltok eksterne innleiarar blant anna frå Høgskolen i Molde.

I vedlegg 3 til FoU-meldinga ligg eit oversyn over kvalitetssikringstiltak for forskinga ved HVO, ordna etter dimensjonane i Høgskolen i Moldes kvalitetssikringssystem.

3.10.2 Forskingsetikk

Forskningsutvalet ved Høgskulen i Volda har seinast i 2006 vedtatt forskningsetiske retningslinjer. Utvalet har det siste året ikkje hatt oppe einskildsaker som handlar om retningslinjene generelt eller brot på retningslinjene.

3.10.3 Personvernombodet for forskning

NSD (Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste) er personvernombod for forskning ved Høgskulen i Volda. I prosjekt der det vert samla inn personopplysningar skal det sendast melding til Personvernombodet. FoU-rådgivar er kontaktperson for NSD på HVO. I tabellen nedanfor går det fram kor mange prosjekt ved HVO som har vorte meldt til NSD dei siste åra. Det er store skilnader mellom avdelingane når det gjeld kor mange prosjekt som vert melde til Personvernombodet.

Av dei 47 prosjekta som vart melde i 2012 var det 42 studentprosjekt og 5 forskarprosjekt. 11 av dei 47 melde prosjekta vurderte NSD som ikkje-meldepiktige. Eitt av dei var forskarprosjekt – resten var studentprosjekt. Dette er om lag som i 2012.

Tabell 4:

**Prosjekt frå HVO innmeldt til personvernombodet for Forsking (NSD) 2006-2013.
Fordelt på avdelingar.**

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Sum
AHL	22	15	12	13	17	21	21	132
AKF	0	1	2	4	2	16	8	37
KEV	0	0	0	0	0	2	2	4
AMF	0	3	2	0	0	0	0	5

⁴ <http://kvalitet.himolde.no/>

ASH	4	11	3	10	13	9	16	76
I alt	26	30	19	27	32	48	47	254

Om prosjektansvarleg ikkje sender inn sluttrapport for prosjektet, eller om det oppstår andre problem med prosjektet, så vil NSD i første omgang ta kontakt med prosjektleiar for å få ordne opp i saka. Om dette ikkje fører fram vil Høgskulen få melding om at NSD har påvist eit avvik, og Høgskulen må då ta saka vidare sjølv. Forskingsutvalet har vedtatt at i slike saker er dekan på avdelinga ansvarleg. Dekan kan i særlege tilfelle ta over ansvaret for prosjekt.

HVO betalar eit grunnbeløp og i tillegg ei avgift pr melde prosjekt. Forskingsutvalet har drøfta om kostnadene bør overførast til avdelingane, men har vedtatt at avgifta framleis skal ligge på fellesnivået. Kostnadene ved ordninga var ca kr 140.000 i 2013, eller ca kr 3.000 pr søknad.

4. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn

Dei tilsette er høgskulens viktigaste ressurs, og å beholde, utvikle og å rekruttere ny fagkompetanse er nødvendig for at HVO og alle andre høgskular og universitet skal leve og overleve. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld dei høgskuletilsettes kompetanse, alder og kjønn.

FoU-planen	Rapport og planar
3. Overordna mål 3.1 halde oppe og utvikle høg kompetanse gjennom forskning på fag vi underviser i 3.8 arbeide for at alle avdelingar får naudsynt toppkompetanse med tanke på nasjonale og internasjonale forskingsoppdrag	Utfordringar og sentrale risikovurderingar Rekruttering og kvalifisering av tilsette Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar. Dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar. I tillegg vil vi satse på å rekruttere nye medarbeidarar. Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 50 %. Vi har ikkje nådd målet, men auka til 45,6%.
Kommentar: Den faglege orienteringa hos HVO-tilsette kan vanskeleg målast med statistikk frå DBH, men vi kan måle utviklinga når det gjeld formell kompetanse på overordna nivå og internt på avdelingane.	

4.1 Fagleg kompetanse på HVO

I tabell 5 er det presentert tal for utviklinga i talet på fagleg tilsette og fordeling mellom ulike stillingstypar etter kompetanse.

Tabell 5:

Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger ved HVO fordelt på stillingstypar for åra 1996, 2000, 2005, 2010, 2011, 2012, 2013 og alle Statlege høgskular (STH) 2013. Prosent av utførte årsverk. Årsverk.

		1996	2000	2005	2010	2011	2012	2013	STH 2013
Stipendiat/postdoktor/Forskar		0 %	5 %	8 %	13 %	12 %	8 %	8 %	11 %
Høgskulelærar		16 %	15 %	9 %	9 %	8 %	6 %	5 %	5 %
Høgskulelektor/amanuensis		57 %	48 %	45 %	40 %	42 %	42 %	44 %	44 %
Førstelektor		2 %	9 %	11 %	10 %	11 %	12 %	13 %	10 %
Førsteamanuensis		21 %	18 %	18 %	18 %	15 %	17 %	19 %	21 %
Professor/Professor II		2 %	4 %	7 %	9 %	10 %	12 %	11 %	8 %
Dosent/Høgskuledosent		2 %	1 %	1 %	2 %	2 %	2 %	1 %	1 %
I alt		100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Kontroll		100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Årsverk		137,5	142,0	151,5	196,6	192,6	180,3	186,0	5 245

Talet på fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda auka fram til 2010. Deretter har talet på utførte årsverk minka, men auka frå 2012 til 2013.

Den langsiktige tendensen er at det blir færre høgskulelærarar, og Høgskulen i Volda ligg i 2013 på gjennomsnittet for statlege høgskular, medan høgskulen tidlegare hadde fleire høgskulelærarar enn gjennomsnittet.

Sett i høve til gjennomsnittet for statlege høgskular ligg Volda på eller like ved landsgjennomsnittet på dei fleste andre stillingstypane, men ligg noko over gjennomsnittet på tal førstelektorar og professorar og litt under når det gjeld førsteamanuensar.

I Høgskulen i Voldas FoU-plan er eitt av resultatmåla at minst 50 prosent av dei tilsette skal ha førstekompetanse eller høgare (toppkompetanse).

Av tabellen ser ein at førstelektorar, førsteamanuensar, dosentar og professorar til saman utførte ca 44 prosent av alle faglege årsverk i 2013. Tek ein stipendiatar ut av reknestykket aukar andelen toppkompetente og var i 2013 oppe i 47 prosent, som er det høgaste nivået nokon gong for Høgskulen i Volda. Dette ligg også over gjennomsnittet for statlege høgskular.

4.1.1 Kompetanse på avdelingane

Avdelingane ved HVO er ikkje like store, den formelle kompetansen varierer også mykje mellom avdelingane. I dei to tabellane nedanfor er det først presentert tal på tilsette i alle fagstillingar for alle avdelingar og deretter talet på tilsette i førsteamanuensis- og professorstillingar.

Toppkompetente har nøkkelkompetanse som ligg til grunn for at høgskulen skal få akkreditert sine studietilbod på andre og tredje syklus, og det er også i desse gruppene ein finn forskingskompetansen som er nødvendig for å gjennomføre forskingsprosjekt. I tabellen nedanfor går det fram korleis talet på årsverk utført av toppkompetente har utvikla seg for kvar avdeling for åra 2008-2013.

Tabell 6:

Årsverk pr avdeling 2008-2013. *)

Avd		2008	2009	2010	2011	2012	2013
AHL		66,7	72,3	75,3	74,8	69,2	74,2
AKF		34,4	38,2	37,8	37,0	38,3	41,0
AMF		26,4	32,2	29,8	28,3	26,0	24,4
ASH		45,6	49,1	52,6	51,3	45,7	45,2
Felles		1,2	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2
Nynorsk		3,7	5,6	7,1	6,9	5,9	6,0
I alt		178,0	198,6	203,8	199,5	186,3	192,0
Ivar Aasen-instituttets stillingar er slått saman med AHL.							

Tabellen syner at AHL har hatt nokså stabilt tal årsverk dei siste åra – men med ein klar nedgang i året 2012 i høve til åra før og etter. AKF har hauka tal årsverk dei siste tre åra. AMF har hatt jamn nedgang frå 32 årsverk i 2009 til 24 årsverk i 2013. Det gir ein reduksjon i årsverk på ca 25 prosent frå toppnivaet i 2009. ASH har også hatt jamn nedgang frå 2010 til 2013 – frå ca 53 til ca 45 årsverk – tilsvarande ca 15 prosent frå 2010.

Tabell 7.

Prosent av faglege årsverk i førstestillingar og professor/dosent på avdelingane (2008-2013).

Årsverk innanfor Undervisnings- og forskingsstillingar (UFF) for alle avdelingar i 2012.

		2008	2009	2010	2011	2012	2013
AHL		42 %	46 %	47 %	49 %	49 %	57 %
AKF		9 %	14 %	26 %	23 %	26 %	30 %
AMF		54 %	51 %	46 %	49 %	55 %	50 %
ASH		62 %	62 %	66 %	59 %	63 %	63 %
Alle HVO		41 %	44 %	47 %	46 %	49 %	52 %

Tre av avdelingane har over 50 prosent av faglege årsverk i førstestillingar og professor/dosent. For AKF har det vore jamn vekst i andel i toppstillingar sidan 2008.

4.2 Aldersfordeling

I tabell 8 er det oppgitt gjennomsnittsalder for toppkompetente ved Høgskulen i Volda 2008-2012 og det nasjonale gjennomsnittet for 2012, innanfor første- og toppstillingar.

Tabell 8:

Gjennomsnittsalder i første- og toppstillingar ved HVO (2008-2013). Gjennomsnittsalder for alle statlege høgskular (2013) (STH).

		2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	STH 2013
Førstelektor (1198)		53	54	55	56	57	57	58	58
Førsteamanuensis (1011)		49	49	48	49	50	50	48	50
Dosent (1532) *)				64	63	64	65	64	59
Professor (1013)		60	60	60	61	60	60	62	57
*) Tal berre for dosentar med stillingskode 1532 og ikkje dosent (1012) og (1483)									
Kjelde: DBH									

For tre av dei fire stillingskategoriane har gjennomsnittsalder for dei HVO tilsette helst auka dei siste åra, noko som tyder på at nyrekruttering gjennom tilsetjing og kompetanseheving av høgskulelektorar ikkje heilt held følgje med aldersutvikling og naturleg avgang.

Samanlikna med alle statlege høgskular ligg førstelektorar og førsteamanuensar på landsgjennomsnittet etter alder.

For dosentar og professorar er gjennomsnittsalderen for HVOs tilsette høgare enn for andre statlege høgskular. 14 av HVOs professorarar har passert 60 år. Dette blir også kommentert i Tilstandsrapporten for høgre utdanning for 2013 (side 195).

Organisasjonen bør i gjennomsnitt rekruttere ca to nye professorar per år i åra som kjem for å halde talet på professorar på dagens nivå.

Tabell 9:

Avdelingsvis gjennomsnittsalder for stillingskategoriar i første- og toppstillingar i 2013.

Stillingsstype	Førstelektor	1. aman.	Professor
AHL	58,0	46,8	62,3
AKF	59,8	40,8	61,0
AMF	54,7	54,4	66,0
ASH	59,3	48,3	61,6
HVO	58,4	48,2	62,0

Kjelde: DBH

I tabell 9 er gjennomsnittsalder fordelt på på avdelingsnivå for tilsette i første- og toppstillingar. Vi ser at AKF har yngre førstemanuensar enn dei andre avdelingane. Dette bildet har også vore stabilt over tid, men som vi har sett av andre tabellar er det svært få personar det er tale om.

4.3 Kjønnssfordeling

FoU-plan	Rapport og planar
2.Utfordringar 2.4 rekruttere fleire kvinner til faglege toppstillingar 4.Resultatmål 4.5 Minst fem fleire kvinner har dosent- eller professorkompetanse. 5.Strategiske arbeidsmåtar 5.9 Kvinner som er nær toppkompetanse, vil bli prioriterte ved tildeling av stipend, stønader eller forskningstid inntil målsettinga om fem fleire er nådd. 7. Strategiar/tiltak på avdelingsnivå 7.3 Tiltak som kan oppmuntre kvinner til å utvikle toppkompetanse	4.2 Personalpolitikk Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35%. Vi har ikkje nådd målet, men auka til 32,1%.

Det er eit uttalt nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse i akademien. Kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurdering av søknader om midlar frå Forskingsrådet. Til dømes har Forskingsrådet understreka at 3 av 8 SHP-prosjekt tildelte i 2012 hadde kvinneleg prosjektleiar.

I Strategiplan for FoU ved HVO er fleire kvinner med toppkompetanse eit prioritert mål. Likestillingsplanen for Høgskulen i Volda for åra 2009-2013 har peika ut stipendiatvilkår som eit prioritert område innanfor Forskings- og utviklingsarbeid.

Tabell 10:

Kvinneandel av utførte årsverk avdelingsvis for alle tilsette ved HVO (2008-2013) og gjennomsnitt for alle tilsette på alle statlege høgskular.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
AHL	51	57	52	55	54	57
AKF	49	52	53	48	52	54
AMF	17	21	21	21	22	20
ASH	27	29	35	39	43	43
HVO	45	47	47	49	51	51
Statlege høgskular	56	56	56	57	58	57

Tilsette ved Ivar Aasen-instituttet er rekna med blant AHL. Tilsette ved Nynorsk-senteret er ikkje tekne med i statistikken. Dette gjeld for alle år og det er difor skilnader mellom denne tabellen og tabellen for tidlegare år. I totalen for HVO er fellesadministrasjonen også teke med sjølv om tala for fellesadministrasjonen ikkje er presenterte på ei eiga linje. Kjelde: DBH

Som det går fram av tabellen har HVO ein jamn auke i andel kvinnelege tilsette i åra 2008-2012, men har ikkje auka frå 2012 til 2013. I 2012 utførte kvinner for første gong over halvparten av alle årsverk på Høgskulen i Volda. I 2013 utførte kvinner like halvparten av alle årsverk i undervisnings, forskings- og formidlingsstillingar ved Høgskulen. Høgskulen i Volda har likevel lågare andel kvinnelege tilsette enn gjennomsnittet for statlege høgskular.

Det er store skilnader mellom avdelingane på HVO. Avdelingane AHL og AKF har nokså lik fordeling mellom kjønna. ASH har ei klar overvekt av menn, men kvinneandelen har auka kvart år frå 2008 til 2012, men auka ikkje frå 2012 til 2013.

Kvinner er framleis sterkt underrepresentert ved AMF og det har vore små endringar i dette bildet dei siste åra.

Kjønnsbalansen innan faglege stillingskategoriar syner eit bilde der kvinner er i fleirtal på lågare kompetansenivå og blant førstelektorane, medan menn er i klart fleirtal i førsteamanuensisjiktet og i endå større grad blant professorar. I tilstandsrapporten for høgare utdanning (side 201) har den låge kvinneandelen i Volda vorte lagt merke til og blir kommentert:

(..) verken fagprofil eller størrelse forklarar hvorfor det er så få kvinnelige professorer ved høyskolene i Lillehammer og Volda.

Det kan her peikast på at av dei 11 som søkte professorstipend ved Høgskulen i Volda var det om lag like mange kvinner som menn – og av dei to som fekk stipend var det ei kvinne og ein mann.

Tabell 11:

Andel årsverk utført av kvinner i forskjellige stillingskategoriar ved HVO (2000, 2005, 2010-2013) og for alle statlege høgskular (2013)

	2000	2005	2010	2011	2012	2013	STH (2013)
Stipendiat (1017)	52	54	68	68	76	79	61
Høgskulelektor (1008)	47	45	53	53	57	57	63
Førstelektor (1198)	17	30	43	59	53	63	51
Førsteamanuensis (1011)	16	20	35	37	36	38	46
Professor (1013)	0	0	2	2	11	8	28
Professor II	0	0	0	0	0	20	20
HVO (Alle UFF)	29	34	44	45	48	50	
STH (Alle UFF)	46	49	53	53	54	54	

Kjelde: DBH. (UFF=Undervisnings-, forskning- og formidlingsstillingar)

I stillingskategoriane stipendiatar har det vore kvinnefleirtal sidan 2000. Blant høgskulelektor sidan 2008 og for førstelektor har det vore kvinnefleirtal sidan 2011. Kvinnene utgjer nesten 2/3 av alle førstelektorar.

Innanfor førsteamanuensisgruppa er det i 2013 over 1/3 kvinner, og denne andelen har vore stabil dei siste åra. Av dei ca 30 HVO-disputasane dei siste ni åra er det 10 kvinner som har disputert, i gjennomsnitt ei kvinne pr år. Dette gir i dag eit forholdstal på 1/3 kvinner både blant ny doktorandar og i førsteamanuensisjiktet. Etter kvart som dei mange kvinnelege stipendiatane disputerer og held fram som HVO-tilsette ligg det til rette for ein auke i andel kvinner blant førsteamanuensane.

Både på Høgskulen i Volda og i landet elles er det klart færrest kvinner i professorsjiktet enn i andre stillingstyper. I 2013 fekk høgskulen to kvinnelege professorar og dermed ein kvinnandel på ca 10 prosent i professorsjiktet.

Det er kanskje ikkje grunn til å vente endringar i form av rask auke i kvinneandelen blant professorane sidan det ser ut til å vere nokså stabilt forholdstal mellom kvinner og menn i HVOs førsteamanuensisstilt.

4.4 Mellombels tilsette

Trenden i retning av færre mellombels tilsette heldt ikkje fram i 2013. Fagleg tilsette i mellombelse tilsettingar utførte i 2013 ca 26 årsverk på HVO, mot ca 23 årsverk i 2012. Det er særleg i sjiktet av høgskulelektorar at det er mange tilsette i mellombelse stillingar. For førsteamanuensar, professorar og dosentar er andelen av årsverk i faste stillingar over 90 prosent.

I tabellen nedanfor er tal som syner andel av av årsverk utført av høgskulelektorar i mellombelse stillingar. For det første kan vi sjå av tabellen at for HVO samla sett har andel i mellombelse stillingar vorte halvert frå 33 prosent i 2009 til 17 prosent 2012. Men andelen auka frå 2012 til 2013.

Innanfor avdelingane vil einskildpersonar gjere store utslag. Frå 2009 til 2012 var det berre avdeling for samfunnsfag og historie som har hatt ein auke i andel av høgskulelektorar i mellombelse stillingar. Men frå 2012 til 2013 var det berre AKF som gjekk litt ned i andel mellombels tilsette – alle ander avdelingar auka andelen årsverk utført av mellombels tilsette høgskulelektorar.

Tabell 12:

Prosentvis andel av høgskulelektorar i mellombelse stillingar, avdelingsvis av andel av årsverk (2008-2012).

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
AHL	37 %	38 %	28 %	17 %	17 %	21 %
AKF	22 %	37 %	19 %	16 %	14 %	13 %
AMF	16 %	37 %	34 %	36 %	4 %	7 %
ASH	15 %	16 %	18 %	15 %	24 %	30 %
Alle HVO	28 %	33 %	25 %	19 %	17 %	19 %

5. Publisering og formidling

5.1 Produksjon av vitenskaplege FoU-poeng ved Høgskulen i Volda

Vitenskaplege publiseringspoeng er ein viktig indikator for høgskulens vitenskaplege produksjon og dannar også grunnlag for resultatbasert omfordeling innanfor høgskulesektoren. Tabell 13 gir eit oversyn over høgskulens poengproduksjon sidan 2007.

Tabell 13:
Vitenskapleg produksjon ved HVO. Studentar pr
årsverk (2007-2012).

År	Eksterne (DBH)	Interne	Studentar pr årsverk
2013	68	6 939	20,3
2012	90	6 821	21,2
2011	113	4 989	18,4
2010	79	6 178	16,8
2009	85	6 676	16,2
2008	88	5 462	17,5
2007	53	5 193	17,0

Kjelde: DBH og HVO.

Som tabellen syner var 2011 eit rekordår for Høgskulen i Volda med med 113 poeng. 2012 var svakare og 2013 vart endå svakare.

Talet på studentar pr fagleg årsverk ligg høgt også i 2013 samanlikna med tidlegare år, noko som truleg i praksis betyr at det er mindre samla FoU-tid tilgjengeleg.

Den klare nedgangen i DBH-poeng frå 2011 til 2012 og 2013 kan tyde på at 2011 var eit unntaksår der fleire forskingsprosjekt var i ein avsluttande fase med omfattande publisering. Sidan det ikkje har lukkast å skaffe større nye prosjekt i 2013 og så langt i 2014 er det diverre ikkje grunn til å vere optimistisk med tanke på FoU-produksjon det komande året.

I tabell 14 er poengproduksjon (DBH) pr avdeling sett opp. AHLs produksjon varierer mellom ca 40 og 50 poeng pr år. AKF er avdelinga med minst produksjon, men har auka FoU-produksjon kvart år sidan 2009. AMF har produksjon mellom ca 17 og 22 poeng – men med eit unntak for 2010 då ein stor del av den forventa FoU-produksjonen til Norsk Presses Historie vart underkjent. ASH hadde klar vekst fram til og med 2011, men tilbakegang frå 37 til 23 poeng frå 2011 til 2012 tilsvarer ca 1/3 poengproduksjon.

Tabell 14:**Publiseringspoeng pr avdeling pr år. Kr. pr poeng. *) 2008-2013.**

Avd	2009	2010	2011	2012	2013
AHL	42,2	39,2	52,1	41,5	37,1
AKF	0,3	1,4	3,8	5,3	4,2
AMF	21,9	9,6	19,9	20,1	1,7
ASH	20,1	28,9	37,3	23,2	24,4
I alt	84,5	79,1	113,1	90,1	68,4

Publisering for Ivar Aasen-instituttet er inkludert i AHLs publisering.

Kjelde: DBH. Statsbudsjett for åra 2009-2013.

Vitskapleg produksjon var i 2013 faktisk den lågaste sidan 2007. Tre av avdelingane hadde små endringar i publisering frå 2012 til 2013, og ASH hadde ein liten auke. Avdeling for mediefag hadde ein betydeleg nedgang. For 2014 kjem AMF til å få klart betre tal for publisering.

Over tid har FoU-produksjonen i heile Universitets- og høgskulesektoren auka. Den resultatbaserte inntekta frå FoU-produksjon pr publiseringspoeng har minka kvart år sidan 2009.

I tabell 15 er det presentert poengproduksjon pr tilsett for åra 2008-2012, i lag med tal for studentar pr tilsett (studentfaktor) pr avdeling.

Tabell 15:**Avdelingsvis poengproduksjon pr årsverk i fagstillingar (2008-2012). Studentar pr tilsett (2012).**

Avd		2008	2009	2010	2011	2012	2013	Stud/tils. *)
AHL		1,9	1,5	1,4	1,8	1,4	1,1	24,7
AKF		0,8	0,1	0,2	0,5	0,6	0,4	11,1
AMF		1,5	2,0	1,0	1,9	1,7	0,2	11,2
ASH		0,8	0,8	1,1	1,6	0,9	1,0	26,6

*) Talet på studentar pr tilsett.

Tabellen syner at frå 2012 til 2013 er det berre ASH som har ein auke i poengproduksjon pr tilsett. AMF går kraftig ned. AHL og AKF har tilbakegang i poengproduksjon. Ser ein heile perioden under eitt ser vi at poengproduksjonen varierer for alle avdelingar.

Talet på studentar pr tilsett i 2012 syner at dei to største avdelingane AHL og ASH har høg FoU-produksjon pr tilsett, trass i at dei også har høgast faktor for student pr tilsett. AMF og AKF har lågare studentfaktor, men svært ulik FoU-produksjon. Det må her leggast til at AMF har fleire tilsette med førstekompetanse enn AKF.

5.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

NSD fører liste over publikasjonskanalar (tidsskrift, forlag) som er godkjende som som vitenskaplege.⁵ HVO sine forskingsbidrag i 2013 finst innanfor alle delkategoriar:

Tabell 16:
Publikasjonar fordelt på publiseringskategori 2010-2013.

Publiseringkategori	2010	2011	2012	2013
Vitenskapleg artikkel	32	59	30	42
Vitenskapleg antologi	38	17	62	17
Vitenskapleg monografi	4	9	3	10
I alt	74	85	95	68
Nivå 1	66	76	85	54
Nivå 2	8	9	10	14

Tabellen syner at for HVO har det samla talet på publiseringar auka fram til 2012, men gjekk tilbake i 2013. Det blir meir og meir vanleg med samforfattarskap og som kjent blir det fleire og fleire artiklar på engelsk. Det er også ein viss tendens til at det blir fleire artiklar publisert i kanalar på nivå 2.

Innanfor kategorien artiklar i vitenskaplege antologiar er det store skilnader frå år til år. For 2014 har det alt kom fleire publiseringar i denne kategorien. Det er svært viktig at fagmiljøa gjer forlaga merksam på krava som blir stilt til vitenskapleg publisering, særleg det som gjeld ekstern fagfellelevurdering.

5.3 Publisering etter kompetanse

Publisering i vitenskaplege kanalar er ein føresetnad for å få kompetanseopprykk til første- og toppstillingar. Så det er ikkje overraskande at til høgare kompetanse til større publisering. Vidare har toppkompetente noko høgare FoU-andel av sine stillingar enn andre tilsette, og har dermed meir tid til å forske innanfor ordinær arbeidstid. Endeleg har toppkompetente også større høve til å skaffe seg prosjektmidlar, noko som også fremjar publisering. På den andre sida kunne ein forvente at tilsette også publiserte mykje for å byggje kompetanse – og at dei meriterte forskarane var nøgde og i større grad rettleiar og driv prosjekt.

I tabellen nedanfor er det sett opp tal for 2012 og 2013 når det gjeld publisering innanfor ulike stillingstypar, som sum av vitenskapleg publisering etter tellekantpoeng («Eksterne»).

Førsteamanuensar og professorar utfører knapt 1/3 av alle faglege årsverk på HVO, men står for over 2/3 av vitenskapleg publisering. Dette forholdstalet var om lag det same i 2013.

⁵ <http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/>

Diverre er det mindre publisering i 2013 enn i 2012 – og den einaste gruppa som aukar samla publisering er høgskulelektorane. Høgskulelektorane har som gruppe auka frå 11 til 15 publiseringspoeng – ein fin framgang.

I den «retningsgjevande prøveordninga» frå 1999 fekk førstekompetente (både førstelektorarar og førsteamanuensar) 35 prosent FoU-tid medan høgskulelektorar har 30 prosent FoU-tid. Framleis er det slik at det er store skilnader i publisering innafor gruppene.

Tabell 17:

Stillingstyper ved HVO. Publiseringspoeng 2012 og 2013, endring og poeng pr årsverk 2013. Gjeld «Eksterne» poeng.

	2012	2013	Endring	Publisering pr årsverk (2013)
Høgskulelærer	0,0	0,0	0,0	0,00
Høgskulelektor	11,4	15,0	3,6	0,18
Førstelektor	6,2	1,0	-5,2	0,04
Stipendiat	6,0	3,2	-2,8	0,23
Dosent	3,1	2,5	-0,6	1,09
Førsteamanuensis	30,9	15,9	-15,0	0,44
Professor	33,3	30,1	-3,2	1,53
I alt	90,9	67,7	-23,2	0,35

5.4 Publisering og kjønn

I DBH blir det også oppgitt publisering etter kjønn målt som kvinnelege forskarar sin andel av publiseringspoenga. Tala for HVO samanlikna med andre statlege høgskular er presentert i tabellen nedanfor.

Tabell 18:

Andel av publiseringspoeng av kvinner (2009-2013) (prosent av alle publiseringspoeng). Høgskulen i Volda og gjennomsnitt for statlege høgskular. *)

	2009	2010	2011	2012	2013
HVO	19	14	16	37	25
STH	31	40	42	43	45

*) I FoU-meldinga for tidlegare år har det vorte nytta tal frå Tilstandsrapporten for høgre utdanning, medan for 2013 har tala vorte henta frå DBH. Det er noko skilnad mellom DBH og tal oppgitt tidlegare.

Tabellen syner at Høgskulen i Volda for alle år ligg under gjennomsnittet for statlege høgskular, noko som reflekterer at HVO også ligg under landsgjennomsnittet i andel kvinner i første- og toppstillingar. Det er store variasjonar frå år til år.

5.5 HVOs vitenskaplege aktivitet samanlika med andre statlege høgskular

Eitt av resultatmåla i FoU-planen er at «HVO skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa pr. fagleg tilsett når det gjeld publikasjonspoeng.» Høgskulen i Volda hadde den største nedgangen i publisering i gruppa av statlege høgskular frå 2011 til 2012, men låg saman med høgskulane i Vestfold og Hedmark på ein 4. plass på lista og nådde dermed målsettinga også 2012. I 2013 har Volda falle ned på 7. plass på lista.

I høve til våre samarbeidspartnarar i Mørealliansen, UH Nett Vest og i Midt-Noreg ligg Volda framleis høgt oppe. Dei siste åra har Volda og Molde bytta på å vere den mest-publiserande høgskulen i regionen. Ålesund har hatt størst framgang, medan Sogn og Fjordane venteleg vil få ein sterk auke i åra som kjem når dei får effekt av store forskingsprosjekt som dei har fått gjennomslag for.

Tabell 19:

Vitenskaplege publikasjonspoeng pr. fagleg årsverk ved høgskulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane (2009-2013).

	2009	2010	2011	2012	2013
Molde	0,35	0,50	0,52	0,66	0,42
Volda	0,43	0,39	0,57	0,48	0,36
Ålesund	0,17	0,15	0,22	0,26	0,27
Sogn og Fj	0,20	0,21	0,20	0,26	0,19
Gj.snitt STH	0,32	0,31	0,35	0,37	0,36

5.6 Formidling (interne publikasjonspoeng)

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggjeving av FoU-arbeid. FoU-arbeid som får poeng etter det nasjonale systemet («Eksterne») FoU-poeng er ikkje rekna med i den «interne» poenggjevinga. Dette kan vere publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar og bidrag i media. Dei tilsette registrerer sine bidrag i CRISTin, og klassifiserer FoU-administrasjonen bidraga etter eit detaljert poengsystem. Tvilssaker vert presentert for publiseringsutvalet.

I tabellen nedanfor er det presentert tal for avdelinganes FoU-produksjon målt etter intern poenggjeving.

Dei siste åra har det samla talet på interne poeng vore nokså stabilt – med unntak av 2011 då det var klart lågare produksjon enn dei tre andre åra. Men i 2011 var det i staden ein svært høg produksjon av eksterne poeng.

Tabell 20:**Avdelingsvis produksjon av interne FoU-poeng 2009-2013**

Avdeling	2009	2010	2011	2012	2013
AHL	35 %	28 %	35 %	38 %	31 %
Iaall	6 %	1 %	3 %		
AKF	16 %	18 %	17 %	12 %	14 %
AMF	23 %	29 %	13 %	16 %	26 %
ASH	19 %	24 %	33 %	33 %	31 %
I alt	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
Poeng i alt	6 676	6 178	4 989	6 821	6 939
Endring	22 %	-7 %	-19 %	37 %	2 %

Ser ein på utviklinga for avdelingane er det ein nokså klar tendens til at ASH produserer fleire interne poeng, AHL er relativt stabil på eit høgt nivå medan AKF og AMF varierer i sin produksjon nokså mykje frå år til år. AMF har hatt ein sterk auke frå 2011-2013, men har som nemnt låg vitskapleg produksjon i 2013.

5.6.1 Formidling: Interne publikasjonspoeng etter kompetanse

I tabell 21 er det presentert tal for interne publikasjonspoeng etter stillingskategori, fordelt på årsverk. Det overordna bildet er det same som for publisering: Dei toppkompetente har høgast publiseringsgrad også etter det interne poengsystemet. Det er eit noko uventa funn at stipendiatane har den høgste andelen formidling av alle grupper.

Tabell 21:**Formidling pr årsverk i ulike stillingskategoriar etter kompetanse 2012 og 2013.**

	2012	2013
Høgskulelærer	6	2
Høgskulelektor	17	12
Førstelektor	26	10
Stipendiat	14	42
Dosent	14	93
Førsteamanuensis	82	87
Professor	97	77
I alt	35	35

Høgskulelektorane går tilbake i formidling – men hadde som nemnt auke når det gjeld publisering.

5.7 Andel av tilsette som publiserer

Det er eit strategisk mål for HVO at flest muleg av dei fagleg tilsette publiserer. Tabell 22 syner kor stor del av dei tilsette som har notert seg for publisering av forskning og formidling dei siste åra.

Tabell 22:**Andel av alle tilsette som publiserer etter eksterne og interne publiseringspoeng. 2005-2013.**

	Faglege årsverk	Eksterne forfattarar	Ekstern andel publiseringsaktive	Interne Forfattarar	interne andel publiseringsaktive
2013	192	49	26 %	128	67 %
2012	186	64	34 %	130	70 %
2011	199	47	24 %	138	69 %
2010	204	48	24 %	132	65 %
2009	199	39	20 %	123	62 %
2008	178	28	16 %	109	61 %
2007	171	36	21 %		
2006	162	28	17 %		
2005	151	21	14 %		

Kjelde: CRISTIN.


Samanlikna med 2013 har ikkje berre omfanget på publiseringa minka. Det er også færre fagtilsette som publiserer og også formidling går litt tilbake. 2012 var eit toppår etter desse måla.

5.8 FoU-produksjon og undervisningsomfang

Auka undervisning kan medføre mindre tid til forskning, og dermed mindre FoU-produksjon. Og omvendt. Studentar pr årsverk kan reknast som eit grovt mål på undervisningsinnsats.

I figur 1 har vi sett i samanheng utviklinga av tal studentar pr årsverk på den eine sida og FoU-produksjon målt i DBH-poeng og interne FoU-poeng på den andre sida. Vi har sett 2009=1. I 2009 var talet på studentar pr årsverk nede i 16,2, noko som er det lågaste talet dei siste 10 åra. Det viser seg at for dei interne FoU-poenga var 2009 eit toppår, og for alle andre år ligg FoU-produksjonen under nivået for 2009. For DBH-poeng ligg både 2008 og 2011 over nivået i 2009, og 2011 var eit rekordår når det gjeld FoU-produksjon innanfor DBH-kategoriane. Nokre få svært produktive einsildforskarar har hatt stor innverknad på statistikken. Det var også ein klar auke i talet på studentar pr årsverk frå 2011 til 2012, noko som også truleg har påverka produksjonen av DBH-poeng.

Figur 1: Utvikling i eksterne og interne publiseringspoeng og studentar pr årsverk 2007-2013 (2009=1).



6. Bidrag- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid

FoU-plan	Rapport og Planar
5. Strategiske arbeidsmåtar 5.13 Vi skal søkje om nye prosjekt innanfor SHP og prioritere arbeid med søknader mot andre fagleg relevante NFR-program. 5.14 HVO skal samarbeide om forskingsprosjekt innanfor Mørealliansen, Midtnorsk Nettverk og UHnettVest. 5.15 Vi skal vere med på søknader i internasjonale prosjekt, t.d. under Horizon 2020. 5.16 HVO skal auke omfanget av anvendt forskning mellom anna gjennom betre samarbeid med Møreforskning. 6. Tiltak på fellesnivå 6.9 Legge vekt på å auke søknads- og prosjektleiingskompetansen 7. Strategiar og tiltak på avdelingsnivå 7.5 Tiltak som kan auke omfanget av oppdragsverksemd	Utfordringar og sentrale risikovurderingar Høgskulen i Volda har framleis stor forskings- og publiseringsverksemd, men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev: • tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalte område i periodar • betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleing og interne forskingsseminar Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar i regional utvikling Resultatmål: • Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2012. Vi hadde ein auke i eksternt finansiert aktivitet i åra frå 2007 til 2011. På grunn av omleggingar i det nasjonale systemet for kompetanseutvikling for lærarar og svikt i løyvingar frå NFR, klarte vi ikkje å halde oppe dette nivået i 2012. Vidare vart rutinane for oppdragsaktivitet reviderte i 2012, og etter dette er ikkje tala frå rekneskapen i 2012 heilt samanliknbare med tidlegare år. Noko av det som tidlegare vart rekneskapsført som oppdrag, vert no rapportert som sal.

6.1 Forskingsmidlar til statlege høgskular

Forskringsrådet er den største einskildkjelda for finansiering av forskning i Noreg. Over 90 prosent av Forskringsrådets løyvingar går til universiteta. Dei statlege høgskulane, inkludert Høgskulen i Volda får ca 5 prosent av løyvingane frå Forskringsrådet.

Høgskulen i Voldas forskingsrådsinntekter er blant dei lågaste blant dei statlege høgskulane som har fått midlar frå Forskringsrådet. I Tilstandsrapporten for høgre utdanning (side 113) går det fram at det berre var fem høgskular som oppnådd meir enn 10 millionar kroner i prosjektmidlar frå Forskringsrådet i 2013.

Forskringsrådet midlar vert på overordna nivå fordelte etter politisk utvalde satsingsområde, som til dømes næringar som vert vurderte som strategisk viktige i nasjonal samanheng og gjerne også har fått sterk regional støtte. Høgskular med utdanningar og forskingsmiljø innanfor teknologiske fag kjem her gunstig ut og får tildelt langt meir forskingsmidlar enn den vitskaplege produksjonen skulle tilseie. Høgskular med lærarutdanning, sjukepleie og andre profesjonsutdanningar retta inn mot offentleg sektor kjem hovudsakleg ikkje så godt ut av denne fordelinga.

I tilstandsrapporten for høgare utdanning er det gjort greie for midlar frå Forskringsrådet særleg relevante for statlege høgskular (side 116). Det gjeld SHP, VRI, PRAKUT og Utdanning 2020.⁶ Oversynet syner at Høgskulen i Volda der låg på 6. plass på lista, og 6 høgskular fekk ikkje slike midlar i det heile. Mesteparten av midlane kom frå PRAKUT der Høgskulen i Volda fekk den største tildelinga av alle høgskular. Høgskulen i Sogn og Fjordane var i 2013 nummer 2 på lista bak Høgskulen i Oslo og Akershus, og med tilslag på ein SHP også i 2014 vil Høgskulen i Sogn og Fjordane i 2015 ligge endå betre an.

Av tilstandsrapporten går det også fram at Høgskulen i 2013 vart blant høgskulane som sende færrest søknader til Forskringsrådet – og var også blant høgskulane med lågast tilslagsprosent. Dette bildet kan nyanseras noko ved at fleire forskarar og einskildmiljø har samarbeidd med andre institusjonar om forskningssøknader. Men den låge søknadsaktivitet er uansett ikkje bra fordi det å skrive prosjektsøknader krev øving.

6.3.1 HVOs forskingsrådsfinansierte prosjekt

Dei siste åra har HVOs inntekter frå Forskringsrådet gått klart nedover – spesielt frå 2010 til 2011.

Tabell 23 syner omfang på eksterne FoU-inntekter fra bidrag og oppdrag i åra 2008-2012.

Tabell 23:

Bidrag- og oppdragsinntekter 2008-2013. Noregs Forskringsråd og EU (rammeprogram).

Finansieringskjelde	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Noregs forskingsråd	7 311	7 450	6 780	3 803	3 620	3 770
EU-inntekter (rammeprogram)	0	0	0	0	0	349
I alt	7 311	7 450	6 780	3 803	3 620	4 119

Tala for inntekter frå NFR er henta frå DBH ("Indikatorer i Resultatbasert Omfordeling").

Dette omfattar også inntekter frå Regionale Forskringsfond (RFF).

Prosjektinntektene frå Noregs forskingsråd vart nesten halvert frå 2010 til 2011, hovudsakleg fordi HVO avslutta eitt SHP-prosjekt samtidig som det ikkje kom til eit nytt. Inntektene har dei tre siste åra lege på om lag same nivå.

Dei tre prosjekta som gav størst inntekter frå Forskringsrådet i 2013 var desse:

⁶ SHP (Strategiske høgskuleprosjekt), VRI (Virkemiddel for regional FoU og Innovasjon), PRAKUT (Praksisretta utdanningsforskning).

- VRI Møre og Romsdal (Virkemiddel for Regional FoU og Innovasjon).⁷Prosjektleder er Bjørn Gunnar Tafjord og HVO fekk i 2013 utbetalt ca kr 1,0 mill.
- MAFAL (Meistring av Førskulelærarrolla).⁸ Prosjektleder er professor Peder Haug og prosjektet hadde inntekter i 2013 på ca 0,9 mill.
- SPEED (The Function of Special Education).⁹ Prosjektleder er professor Peder Haug og prosjektet hadde inntekter i 2013 på ca 0,8 mill.

Resten av inntektene kom frå mindre prosjekt der voldaforskarar har ei rolle i prosjekt som er leia av andre institusjonar. Institusjonane som Høgskulen i Volda samarbeider med på denne måten var i 2013: Møreforskning, Høgskolen i Oslo og Akershus og Universitetet i Stavanger.

6.3.2 Strategiske høgskuleprosjekt (SHP)

Høgskulen i Volda har hatt to Strategiske høgskuleprosjekt (SHP-prosjekt) innanfor journalistikk (2007-2010) og historie (2008-2012). Høgskulen har sendt søknader kvart år ordninga har vore tilgjengeleg, men har altså fått tilslag berre to gonger.

Tidleg i 2013 vart fagmiljøet invitert til å kome med framlegg til SHP-prosjekt for den varsla utlysinga i 2014. Forskingsutvalet prioriterte tre prosjekt som kvar fekk eit tilskot på kr 75.000 for å utvikle søknader. Resultatet låg føre i juni 2014, men diverre utan tilslag for våre prosjekt. Dei tre prosjekta var desse:

- AHL: Literature and History. Prosjektleder: Giulioano d'Amico. I samarbeid med blant andre Høgskolen i Telemark.
- AKF: Prosjektleder: Marit Ulvund. I samarbeid med blant andre Kunsthøgskolen.
- ASH: Prosjektleder: Tor-Johan Ekeland. I samarbeid med blant andre Høgskolen i Molde og University of Cardiff.

⁷<http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/forskningsprosjekt/nasjonalt-finansierte-prosjekt/vri-prosjektet?lang=nyn>

⁸ <http://www.hivolda.no/mafal>

⁹<http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/forskningsprosjekt/nasjonalt-finansierte-prosjekt/speed-prosjektet?lang=nyn>

6.2 EU-midler

Tal frå DBH syner at for åra 2008-2013 var inntektene frå Noregs Forskringsråd ca 10 gonger så store som inntektene frå EU for norske statlege høgskular samla sett. Høgskolen i Gjøvik og Vestfold var dei einaste høgskulane med EU-inntekter på over ein million i 2013. Sør-Trøndelag kom nesten opp i ein million medan Volda, Ålesund og Østfold har gått frå null eller ubetydelege inntekter frå EU i 2012 til knapt ein million til saman i 2013. Av desse tre fekk Volda mest – med kr 349.000 i inntekter frå EU. Høgskulen i Gjøviks inntekter gjekk ned frå over 7 millionar til litt over 2 millionar – noko som kan tolkast som at det er stor risiko – eventuelt store variasjonar i inntektene frå EU-prosjekt. Høgskolen i Oslo og Akershus hadde i 2012 eit stort underskot på sine EU-prosjekt. I 2013 var underskotet på kr 85.000. Høgskolen i Oslo hadde i 2011 EU inntekter på over 9 millionar.

Ved Høgskulen i Volda starta eitt internasjonalt finansiert prosjekt opp i 2013. Prosjektet har tittelen: «Travelling Texts. The Transnational Reception Of Women's Writing At The Fringes Of Europe», og handlar om kvinnelege forfattarar, lesarar og kritikarar på 1800-talet. Prosjektet spør blant anna om kvifor kvinnelege litteratar blei oversett i dei nasjonale litteraturhistoriene. Prosjektet sprang ut av eit såkalla COST-nettverk med deltakarar frå fleire land i åra 2009-2013, og midlane til å gjennomføre prosjektet kom frå HERA (Humanities in the European Research Area). I Volda er det Marie Nedregotten Sørbo som har delteke i COST-nettverket og vore ein viktig aktør i arbeidet med å få gjennomslag for prosjektet, og ho vil også arbeide på sjølv hovudprosjektet. Prosjektet vil tilføre Høgskulen i Volda prosjektmidler på til saman 1,4 mill i åra 2013-2017.

Inntektene kjem frå HERA-programmet (Humanities in the European Research Area). Tittelen på prosjektet er «Travelling texts»¹⁰ der førsteamanuensis Marie N. Sørbo deltek i eit nettverk som forskar på kvinner i europeisk litteratur. Høgskulen i Volda får meir i forskingsinntekter frå EU enn dei andre høgskulane i Møre og Romsdal, men det er små skilnader mellom institusjonane.

¹⁰http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forsking-og-utvikling/forskingprosjekt/hera-travelling-texts_-1790-1914-eu-fp7

7. Status i høve til strategiplan for 2013-2017

FoU-arbeid er ein viktig del av den overordna strategien til Høgskulen i Volda som sist vart vedteken av styret 31. januar 2014. Høgskulens visjon er:

Kunnskap for framtida.

I styrebehandlinga av strategiplanen vart det lagt vekt på at mål og tiltak skal vere konkrete og målbare.

Under overskrifta Forsking og Utviklingsarbeid står følgjande:

- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.
- HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet.
- HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å integrere dei i konkrete prosjekt.
- HVO skal organisere FoU i forskingsgrupper og program med tydeleg leiing.

Strategiplanen peikar ut tiltak for perioden 2014-2017, og i følgjande tiltak handlar mest direkte om FoU:

- Auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.
- Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk.
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innafor UH-nett Vest, RSA Møre, Mørealliansen og Møreforskning.

Nedanfor vil status på FoU bli gjennomgått i høve til desse punkta.

7.1 HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.

Tverrfagleg arbeid kan tolkast både i høve til teoretisk/metodisk tilnærming og til samarbeid mellom forskarar frå ulike fagområde – eller administrative einingar.

Fleire av dei ca 20 forskingsgruppene på HVO har medlemmer frå fleire avdelingar. Til dømes deltek fleire tilsette på AKF i forskingsgrupper på AHL. RLE (AHL) og Institutt for historie (ASH) har i fleire år drive mastergradsutdanninga i Kulturmøte og har også eit visst samarbeid gjennom forskingsgrupper.

Ved søknad om FoU-stipend vil det telje positivt om søkjaren legg opp til eit tverrfagleg samarbeid. Dette er ikkje eit kriterium når det gjeld Små driftsmidlar, men bør takast omsyn til ved revidering av kriteria før utlysinga i 2015.

7.2 HVO skal auke internasjonaliseringa av FoU-arbeidet.

Det er under utvikling ein ny plan for internasjonalisering. I planen er følgjande tema omtala:

- Deltaking i Horisont 2020
- Gjennomføring av EU-finansierte prosjekt (HERA)

Internasjonalisering kan målast i form av deltaking i forskingsnettverk og prosjektsamarbeid, publisering i lag med forskarar frå andre land, publisering på engelsk.

Av DBH-statistikken går det fram at Høgskulen i Volda har høgare inntekter frå EUs forskingsprogram enn dei andre høgskulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane i 2013 – etter å hatt null slike inntekter åra før. HVO er blant den beste tredjeparten av statlege høgskular. Ein må rekne med mykje og langsiktig arbeid i form av deltaking i forskingsnettverk for individuelle forskarar for å kunne oppnå nye prosjektmidlar frå EU.

7.3 HVO skal gje studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å integrere dei i konkrete prosjekt.

Dette er eit mål som det noko usikkert korleis ein skal rapportere på med sikte på å måle korleis høgskulen utviklar seg.

Som det går fram av tabell 4 har dei to siste åra ca 40 studentprosjekt ved HVO vorte registrerte hos Personvernombodet for forskning. Det er særleg AHL og ASH som har mange slike prosjekt. Dette betyr ikkje at prosjekta nødvendigvis er knytte til aktive forskar sitt FoU-arbeid.

To av avdelingane har meldt om aktivitet og tiltak når det gjeld å dra med studentar i FoU-prosjekt. Dette er avhengig av kva slags prosjekt som finst på avdelingane, og fleire prosjekt er i ein startfase.

Det kanskje beste dømet på eit langvarig prosjekt som har involvert fleire kull av studentar er «Kitchen stories» ved AHL (Matkultur og helse / realfag) som sidan 2009 har involvert 80-100 studentar og har resultert i fleire publiseringar. Ved AKF har studentar vore deltakarar i utviklingsprosjektet «Paddeland» i Austefjord. På AMF blir kvart år aktuelle forskingsprosjekt lagt fram for BA-studentane i samband med deira val avsemesteroppgavetema i Medievitskap. Fleire studentar går saman om, særleg datainnsamling og delvis bearbeiding av data under rettleiing av faglærarar som bearbeider dette vidare som artiklar eller framlegging av resultata på konferansar.

I tråd med politiske signal om at forskings- og utviklingsarbeid skal knyttast sterkare opp til arbeidslivet så kunne perspektivet for rapportering av HVOs aktivitetar på området også fokusert på i kva grad studentprosjekt vert utforma i samarbeid med behov i arbeidslivet: Prosjekt som firma og organisasjonar etterspør i sin daglege aktivitet.

7.4 HVO skal organisere FoU i forskingsgrupper og program med tydeleg leing.

Høgskulens fagmiljø har i ulik grad og på ulike måtar organisert seg i forskingsgrupper. Det handlar delvis om ulike faglege tradisjonar, tilgjengeleg kompetanse og tilgjengelege forskingsmidlar - men også om styring av forskinga.

Forskinsutvalet har i 2014 hatt oppe spørsmålet om organisering av forskingsgruppene. FoU-administrasjonen har hatt møte med avdelingane for å gjere opp status i korleis forskingsgruppene arbeider, og arrangerte 15. september 2014 eit ope møte omkring forskingsgrupper og forskningssamarbeid. Forskinsutvalet vil arbeide meir med dette spørsmålet utover hausten med sikte på avklare forventningar, kapasitet og ressursar.

Omgrepet forskingsprogram er nytta i kvalitetssikringsplanen for utdanning og det bør diskuterast om ein heller bør snakke om forskingsgrupper i denne samanhengen.

7.5 Auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.

FoU-inntektene har gått ned dei siste åra, både for HVO og Møreforskning Volda.

For at det skal vere muleg å gjennomføre ei auka satsing trengst det fleire timar for FoU-arbeid – ikkje minst søknadsskriving i dei individuelle arbeidsplanane. Fleire studentar pr tilsett set FoU-andelen i stillingane under press og gjer det vanskelegare å få tid prosjektutvikling og søknadsskriving.

Forskinsutvalet vil arbeide med dette, blant anna i høve til arbeidet knytt til forskingsgrupper.

7.6 Auke forskingsinnsatsen gjennom både individuelle FoU-ressursar og større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk.

Auka forskingsinnsats kan tolkast som fleire timar sett av til FoU-relatert arbeid. FoU-ressursen for kvar einskild tilsett vert fastsett av dekan. Undervisningsressursen har førsteprioritet, men mange forskarar vel å bruke fritid, helgar og feriar på FoU-relatert arbeid. Dette er vanleg i akademien. Eit internt utval foreslo våren 2014 å auke FoU-ressursen til dei høgast kompetente gruppene då desse har størst FoU-produksjon.

Begrepet forskingsprogram vert her tolka som forskingsgrupper. Forskinsgrupper har også ei viktig rolle i høgskulens kvalitetsarbeid. Høgskulens interne forskingsprogram skal evaluerast hausten 2014 med tanke på budsjettering av satsingsmidlar i 2015 og åra framover. Det bør leggast større vekt på at satsingsmidlar skal ha såkorneffekt ved at det blir stilt tydelege krav om at midlane skal kunne tilføre ekstra framtidige ressursar i form av ekstene forskingsmidlar.

7.7 Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innafor UH-nett Vest, RSA Møre, Mørealliansen og Møreforskning.

Til eit møte i Høgskulestyret i 2014 laga avdelingane på oppdrag frå direktør eit oversyn over kva faglege samarbeid kvar avdeling hadde med andre høgskular, universitet og forskingsinstitutt. Hovudbildet er at det er lite forskningssamarbeid med institusjonane innanfor Mørealliansen og med Møreforskning. Innanfor UH Nett vest er det samarbeid innanfor forskingsgruppene som er etablerte innanfor aktuelle fagområde, og det er elles ei rekkje samarbeid – ofte av individuell karakter med andre institusjonar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

PhD-utdanninga innanfor Helse- og sosial vil i åra som kjem krevje eit tett samarbeid med Høgskolen i Molde også på forskingsområdet. Innanfor UH Nett Vest vil forskningssamarbeidet halde fram innanfor avtalen som er inngått for åra fram til 2017.

Ein annan måte å få oversyn over faktiske forskningssamarbeid er å ta utgangspunkt i vitenskapleg publisering. Mange arbeid er publiserte i lag med forskarar ved andre institusjonar, noko som kan fortelje korleis HVO-forskarane orienterer seg fagleg. I tabellen nedanfor er det gjort greie for kva for institusjonar forskarane i Volda faktisk publiserte i lag med i 2013.

Tabell 24:

Institusjonar som forskarar ved Høgskulen i Volda har publisert i lag med i 2013. *)

Institusjon	Tal publikasjonar
Universitetet i Oslo	9
Høgskolen i Oslo og Akershus	6
Universitetet i Bergen	5
Norsk Lærerakademi	5
Høgskolen i Bergen	1
Høgskulen i Sogn og Fjordane	1
Høgskolen i Molde	2
Høgskolen i Ålesund	0
Universitetet i Agder	2
Høgskolen i Sør-Trøndelag	2
Universitetet i Stavanger	1
Universitetet i Tromsø	1
Høgskolen i Vestfold	1
NTNU	0
Andre norske	0
Utanlandske	6

*) I alt var det samforfattarskap i 30 av 80 arbeid. I dei siste 50 arbeida stod HVO-tilsette aleine for publiseringa, eller samarbeidde i lag med andre tilsette ved HVO. Talet på representerte institusjonar på eitt arbeid varierer mellom to og fem. Vitenskaplege antologiar er ikkje med i dette oversynet.

Hovudinstrykket er at forskarane er breidt orienterte og har samforfattarskap ved dei fleste norske universitet, sju høgskular og i 6 arbeid har ein eller fleire forskarar ved utanlandske institusjonar vore representert.

8. Oppsummering

Status for FoU-arbeidet ved Høgskulen i Volda er i hovudsak positiv – men også med klare utfordringar. Høgskulen har i fleire år vore i tetsjiktet av statlege høgskular når det gjeld kompetanse og vitskapleg produksjon. Ved Høgskulen i Volda vart i 2013 ca 21 årsverk utført av dosentar og professorar, klart flest av høgskulane i regionen.

I høve til ei rekkje strategiske mål går Høgskulen i Volda i rett retning, eller er på god veg.

Høgskulen står likevel overfor ei rekkje utfordringar. Det er store variasjonar i kompetansenivå mellom avdelingane. Kombinasjonen av færre førsteamanuensar og fleire eldre professorar enn gjennomsnittet for statlege høgskular tyder på at Høgskulen i Volda risikerer lågare samla kompetansenivå i åra som kjem.

Høgskulen har teke tak i desse utfordringane blant anna ved å innføre ei ordning med interne professorstipend hausten 2013. Det melde seg 11 søkjarar på stipenda og dei to som fekk stipend var Knut Willy Sæther (AHL) og Wenche Torrissen (AKF). Forskingsutvalet har vidareført ordninga med utlysing av inntil tre nye stipend i 2014. Professorstipenda vil gå over 5 år, så det vil ta fleire år før dette og andre tiltak får målbar verknad i form av nye professorkompetente.

Omfanget av eksternt finansierte prosjekt har vore på eit lågare nivå dei siste to åra enn i åra tidlegare. Forskingsrådsfinansierte prosjekt er det i all hovudsak AHL og professor Peder Haug som har fått til. Det kan virke som om fagmiljøa ved Høgskulen generelt sett har låg kapasitet til at HVO kan vere ein så aktiv prosjektsøklar som ønskjeleg.

Det er eit generelt inntrykk at fagtilsette opplever at dei individuelle arbeidsplanane ikkje har særleg rom for initiering av nye forskingsprosjekt. Prosjektinitiering er gruppearbeid som er lite individuelt meriterande og har høg risiko for avslag. Arbeid med prosjektsøknader kan dermed framstå som risikabelt samanlikna med å drive individuell kompetansebygging i form av publisering. Høgskulen ønskjer å vri forskingsfinansiering i retning av å tildele såkornmidlar for å møte desse utfordringane.

Det vart i 2013 tildelt såkornmidlar til tre prosjekt som også vart prioriterte som høgskulens kandidatar for midlar frå Forskingsrådets program Strategiske Høgskuleprosjekt (SHP). Fagpersonane bak dei tre prosjekta arbeidde godt fram mot søknadsfristen i februar 2014. Diverre nådde ingen av prosjekta opp i konkurransen, og erfaringane frå søknadsprosessen vil bli gjennomgått for å prøve å stå sterkare ved neste høve.

Høgskulen har sterkt fokus på stipendiatane og har innført tiltak for å betre gjennomføringsgraden for stipendiatar. I 2013 var det heile 7 HVO-tilsette disputerte, og i 2014 ser det ut til at 6 disputerer. Forskingsutvalet ønskjer å lyse ut 8-10 stipendiatstillingar på slutten av 2014.

I 2013 -2014 har fire HVO tilsette teke til på den 5-årige ordninga med interne PhD-studium og fleire andre har signalisert at dei ønskjer å gå inn på denne ordninga. Dette kan sette små fagmiljø under press.

Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda

Det er ikkje klare definisjonar på kva ei forskingsgruppe eller forskargruppe er for noko. I kvva grad skal ei gruppe vere formalisert? Må det vere ei tydeleg leiing av gruppene? Må dei drive med eksternt finansierte prosjekt? Skal dei ha ansvar for kompetansebygging og doktorgradsstudentar?

Vi har her nytta ein vid definisjon som kan formulerast slik: Ei forskingsgruppe er ein fagleg arena der forskarar møtest for å diskutere eigne og andres faglege bidrag med sikte på å forbetre eiga og andres forskning.

Høgskulen i Volda har etter ein slik romsleg definisjon ca 20 forskingsgrupper og alle avdelingar og institutt har fleire forskingsgrupper. Antakelig er over halvparten av dei tilsette med i ei forskingsgruppe i større eller mindre grad. Nokså få fagolk er med i fleire forskingsgrupper og det er få forskarar som er med i forskingsgrupper utanfor si eiga avdeling. Det må også peikast på at i somme fagmiljø er det liten tradisjon for samarbeid om forskingsprosjekt – forskarane er meir individuelt orienterte. Dette har antakelig vore eit tradisjonelt ideal innanfor delar av humanistisk forskning.

Forskingsgruppene er i stor grad resultat av prosessar som har starta som initiativ i fagmiljøa og kan oppfattast som eit fagleg basert netterk som er parallelt til den formelle styringsstrukturen på HVO – somme tider samanfallande med avdelings- og insituttgrenser – somme tider frikopla frå det fagleg/administrative hierarkiet. Og med sine eigne virkemåtar og hierarki.

Midlar på avdelings- og fellesnivået på HVO har hatt ein mobiliserande verknad for somme forskingsgrupper. Dei årlege tildelingane av Små driftsmidlar premierer forskingsgrupper, strategiske midlar og satsingsmidlar har også ført til etablering av forskingsgrupper. Innanfor UH Nett Vest-samarbeidet har det vorte oppretta forskingsgrupper på tvers av institusjonar. Endeleg så har forskingsgrupper vorte oppretta for å heve kompetansen på utvalde fagområde.

Forskingsgruppene ved HVO har generelt sett svak formell intern forankring i form av leiing, oppgåver og ressurstilgang. Dei fungerer då også på høgst ulikt vis. Nokre grupper er mest diskusjonsforum for faglege arbeid. Andre grupper driv stort sett berre med utviklingsprosjekt. Andre grupper ber meir preg av å vere sentrerte rundt kompetente einskildpersonar med eit stort fagleg nettverk. Det varierer også i kva grad gruppene er opne for deltaking frå til dømes nye fagtilsette eller fungerer inkluderande på nytilsette. Det vil naturlegvis også vere avhengig av fagleg orientering hos nytilsette.

Nesten ingen av forskingsgruppene har aktive nettsider som beskriver aktivitet og deltakarar i gruppene, men einskildprosjekt kan vere godt presentert på HVOs nettsider.

Ei rekkje spørsmål kan reisast omkring forskingsgruppenes plass på HVO:

- Bør forskingsgruppene formaliserast (leiing, ressursar, oppgåver, driftsmidlar)?
- Bør alle stipendiatar få tilbod om tilknytning til forskingsgruppe?
- Skal alle (ny)tilsette få tilbod om tilknytning til forskingsgruppe?
- Skal forskingsgrupper ha ei rolle i kvalitetssikringa av undervisning og forskning?

Vedlegg 2: Årsverk i faglege stillingar 2013 for HVO.

Stillingsgruppe, Stillingskategori, stillingstype (kode) for administrative einingar ved Høgskulen i Volda.

Kjelde: DBH.

Stilling	St.kode	AHL	AKF	AMF	ASH	FADM	Nynorsk	I alt
Høgskulelærer	1007	1,5	3,4	4,4	0,0	0,0	1,3	10,6
Høgskulelektor	1008	29,8	25,6	8,2	16,6	0,0	3,7	83,8
Amanuensis	1010	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Førstelektor	1198	8,0	5,0	3,0	8,0	0,0	0,0	24,0
Førsteamanuensis	1011	17,2	4,8	7,4	5,2	1,0	0,0	35,6
Forsker	1109	0,0	0,0	1,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Dosent	1532	1,1	0,0	0,0	1,0	0,0	0,0	2,1
Høgskoledosent	1012	0,0	0,0	0,2	0,0	0,0	0,0	0,2
Professor	1013	7,5	0,0	0,0	11,2	0,0	0,0	18,7
<i>I alt UF</i>		<i>66,1</i>	<i>38,8</i>	<i>24,2</i>	<i>42,0</i>	<i>1,0</i>	<i>5,0</i>	<i>177,0</i>
Stipendiat	1017	8,0	2,0	0,0	3,0	0,0	1,0	14,0
Postdoktor	1352	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Professor II	9301	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2	0,0	1,0
<i>I alt UFF</i>		<i>74,3</i>	<i>41,0</i>	<i>24,4</i>	<i>45,2</i>	<i>1,2</i>	<i>6,0</i>	<i>192,0</i>

IAal = Ivar Aasen instituttet.

Nynorsk = Nynorsksenteret.

FADM = Fellesadministrasjonen.

UF= Undervisnings- og forskingsstillingar

UFF = Undervisning- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar (stipendiat, postdok og professor II).

Vedlegg 3: Kvalitetssikring av forskning ved HVO – tilpassa Høgskolen i Molde system.

Dette oversynet er frå saksbehandlar si side meint som eit innspel til Forskningsutval og Høgskulestyre som eit grunnlag for å vurdere kva som skal skje vidare med dette spørsmålet.

Når PhD-utdanninga skal startast opp er det uansett nødvendig å samordne dei to høgskulane på dette området.

Kvalitetssystema til Høgskulen i Molde og Høgskulen i Volda er bygd opp på ulike vis.

Kvalitetssystemet i Volda har undervisning som fokus med hovudelementa: 1) Rekruttering/ informasjon/ studentmottak, 2) Rammekvalitet, 3) Programkvalitet, 4) Resultatkvalitet.

I Kvalitetssikringssystemet i Molde er undervisning eitt av fire «arbeidsområde»: 1) Styring og koordinering, 2) Undervisning, 3) Forsking og formidling, 4) Ekstern virksomhet. I tillegg kjem fem «støtteprosessar» for dei fire arbeidsområda: 5) Studie- og fagutvikling, 6) Rekruttering, 7) Internasjonalisering, 8) Personalrekruttering og kompetanseutvikling og 9) Tenester og infrastruktur.

Når det gjeld arbeidsområdet forskning er dette Høgskulen i Molde overordna omtale:

Forskningsaktiviteten ved høgskolen er organisert i forskningsgrupper. Ved hver avdeling er det en forskningskoordinator som ivaretar en støtte- og koordineringsfunksjon overfor forskningsgruppene. Den enkelte ansatte tildeles forskningstid i henhold til en arbeidsplan. Høgskolen har retningslinjer for tildeling av forskningstermin (sabbatsår) og for støtte til utenlandsopphold, etc. For å stimulere til forskning og publisering har høgskolen et incentivsystem som tar hensyn til type publisasjon, nivå, osv. Doktorgradsstudentene er viktige aktører i høgskolens forskning, og mange trekkes aktivt med i forskningsgruppene. Doktorgradsstudentene blir tildelt driftsmidler for å delta på vitenskapelige konferanser og utenlandsopphold. Arbeidsprosessen for Forskning og formidling er beskrevet i kvalitetssikringssystemet.

Ansaret for gjennomføring går fram av ein tabell som også er presentert på nettsidene til Høgskulen i Molde.¹¹

Kvalitetssystemet for forskning ved Høgskulen i Molde har mange av dei same elementa som Høgskulen i Volda.

¹¹ <http://kvalitet.himolde.no/forskning-og-formidling>

Kvalitetssikringssystemet for forskning ved Høgskulen i Volda. *)

Tittel	Retningslinjer og rutiner	Ansvar	Gjennomførings-ansvarleg
<i>Forskningsnettverk</i>		<i>Rektor</i>	
Initiering av forskning	Tildeling av FoU-stipend ¹²	Forskningsutvalet	Dekan
	Støtte til forskarutdanning for tilsette (50/50-ordninga) ¹³		Dekan
	Støtte til utanlandsopphald for stipendiatar ¹⁴	Forskningsutvalet	
	Tidsressursar til vitenskapleg tilsette (Arbeidsplanar) ¹⁵	Dekan	Dekan
	Stipendiatar ¹⁶	Styret	Forskningsutvalet
	<i>Små driftsmidlar</i> ¹⁷	Forskningsutvalet	
Publisering av forskning	Insentiv for forskning og publisering (FoU-pris,	Rektor	Dekan Vitenskapleg tilsette Biblioteket
	<i>Kvalitetssikring av publisering i skriftseriar</i> ¹⁸	<i>Forskningsutvalet</i>	<i>FoU-adm</i>
	Trykkjestøtte, Fri tilgang (Open Access)		Publiserings-utvalet
Forskningsprosjekt	<i>[HVO: Ikkje konkretisert?]</i>	Direktør	Dekan
	<i>HVO: Forskningsgrupper?</i> <i>HVO: Forskningsprogram?</i>		
<i>Formidling</i>	<i>Web/media [Formidlingsplan?/ ansvar?]</i> <i>Forskningsdagane</i> ¹⁹ <i>Formidling registrert i CRISTin</i> ²⁰	<i>Forskningsutvalet</i>	<i>Dekan</i> <i>FoU-adm</i>

¹² <https://www.hivolda.no/nyn/innsida/fellesadministrasjonen/forskning-og-utvikling/fou-stipend/retningslinjer>

¹³ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/doktorgradsprosjekt/retningslinjer-for-hvo-tilsette-i-dr-gradslop>

¹⁴ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/dr-gradsstudentar/stipendiatar-reglar-rettar-og-plikter/stotteordningar>

¹⁵ Det har i 2014 vorte lagt fram ein rapport med framlegg til endra retningslinjer for tildeling. Dette er ikkje endeleg handsama.

¹⁶ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/doktorgradsprosjekt> [Ikkje beskrivelse av prosess]

¹⁷ <https://www.hivolda.no/nyn/innsida/fellesadministrasjonen/forskning-og-utvikling/sma-driftsmidlar>

¹⁸ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/publisering/hvos-skriftseriar>

¹⁹ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/forskningsdagane>

²⁰ <http://www.hivolda.no/nyn/hivolda/forskning-og-utvikling/publisering/forskningsformidling>

		<i>Publiseringsutvalet</i>	
--	--	----------------------------	--

*) Presentert etter mønster frå systemet ved Høgskulen i Molde der det passar. Kategoriar som er spesielle for Volda er markerte med kursiv.

Som det går fram av dette oversynet har Høgskulen i Volda på eit overordna nivå på plass dei same elementa som Høgskulen i Molde.

Vedlegg 4: Døme på utviklingsarbeid ved HVO

Høgskulen i Volda driv omfattande utviklingsarbeid som delvis fell utanfor dei vanlege tellekantsystema for forskning og formidling. Nedanfor har avdelingane gjeve ein kort presentasjon av døme på utviklingsarbeid som held på – eller har vorte gjennomført i 2013.

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL):

«Ungdomstrinn i utvikling»

Ungdomstrinn i utvikling er det største politisk initierte utviklingsprogrammet i norsk skule sidan Reform 2006. I stortingsmeldinga som ligg til grunn for programmet (St.mld. 22 (2010-2011), Mestring – Motivasjon – Muligheter) får dei regionale lærarutdanningane i oppdrag å samarbeide med skuleeigar og skulane om skulebasert utvikling og å utvikle skulane som «lærande organisasjonar». Utviklingsprogrammet skal gjennomførast i fire puljer over fire år, i perioden 2013 – 2017. Høgskulen i Volda starta opp pulje 1 hausten 2013. I løpet av prosjektperioden skal Høgskolen i Volda inn i samspel med alle skular med ungdomstrinn i Møre og Romsdal. I perioden 2012 – 2013 gjennomførte AHL eit pilotprosjekt i ein kommune der modellar for dette arbeidet blei utvikla og utprøvd.

Sentrale satsingsområde er grunnleggande ferdigheiter, klasse- og læringsleiing, vurdering for læring, organisasjonsutvikling og utvikling av forpliktande arbeidsfellesskap i den enkelte skule. Styresmaktene sitt mål med utviklingsprogrammet er å utvikle praktisk, variert, relevant og utfordrande undervisning og læring. Dette skal ta i vare mangfald i elevgruppa og dei lokale vilkåra for læring og utvikling i den enkelte skule.

Høgskulen i Volda har teke del utviklinga av det nasjonale utviklingsprogrammet på fleire nivå. Då pilotprosjektet starta i 2012 etablerte HVO ei prosjektgruppe som har hovudansvaret for høgskulen sitt samarbeid med kommunane og skulane i Møre og Romsdal. Prosjektleiaren er Roy Asle Andreassen som har lang erfaring frå arbeid i skulen både som lærar og rektor, og har arbeidd både med lærarutdanning og skuleleiing ved høgskulen.

Fleksibel undervisning

Ved AHL er det lagt ned eit stort utviklingsarbeid for å utvikle meir fleksible undervisningsopplegg. Alle institutta er involvert i slikt utviklingsarbeid. Vi tilbyr i dag både Grunnskulelærarutdanning (1-7) og Barnehagelærarutdanning der undervisninga i stor grad er nettbasert med Adobe Connect som plattform. Vi har utvikla vidareutdanningstilbod og årsstudium som er nettbaserte med ulike løysingar i ulike variantar av norsk, engelsk, matematikk og religion. Det blir arbeidd kontinuerleg med å vidareutvikle og forbetre desse opplegga.

Avdeling for kulturfag (AKF):

Kunstnarleg utviklingsarbeid

Ved Avdeling for kulturfag er utviklingsarbeid i stor grad knytt til utvikling av kulturproduksjonar. Innanfor drama og teater tyder dette til dømes regi- og manusarbeid. Her kan vi nemne at Vibeke Preus Bech vann førstepris i Norsk teaterråds manuskonkurranse 2012 for sitt manus, «Rom rives».

På musikkseksjonen skjer utviklingsarbeid i samband med komposisjon, direksjon og musikkutøving. Eit større prosjekt dei siste åra er FoU-prosjektet *PICADON-MUSIC, DANCE & FILM 2011-2014*, eit tverrfagleg kunstprosjekt der musikarar frå Noreg, Japan, Danmark og Australia saman med koret Volda Vokal framførte Magnar Åm sin originalkomposisjon «vil denne augneblinken nokon gong sleppe taket?». Elles kan også utviklingsprosjektet knytt til musikkteknologi nemnast.

Innanfor formgiving, kunst og handverk har Åshild Sævik utvikla tilbod i utstillingskompetanse og design, og tatt på seg oppdrag frå møbelindustrien. Fagmiljøet har vore aktivt i høve utvikling av nettbaserte tilbod i kreative fag, og Janne Heggvoll har arbeidd med utvikling av entrepenørskap i kulturnæringar.

Seanse – senter for kunstproduksjon, driv internasjonalt utviklingsarbeid innanfor Teaching Artist-konseptet, og Marit Ulvund har arbeidd med utvikling av ein norsk modell for dette.

Medierelatert utviklingsarbeid

Fagmiljøet i medie- og kommunikasjonsteknologi har utvikla fleire prosjekt knytte til situert informasjon. Både for offshoresektoren i reiselivssektoren har ein prøvd ut ulike formidlings-/medieringsformer. Prosjektet Paddeland i samband med den nye Kvivsvegen er døme på eit aktuelt design- og medieutviklingsprosjekt.

Idrett og friluftsliv

Ved Seksjon for idrett og friluftsliv har utviklingsarbeid knytt til risikoanalyse og internkontrollsystem i friluftsliv stått sentralt dei siste åra. Fagmiljøet ved HVO har her arbeidd aktivt i nasjonal samanheng, noko som mellom anna har resultert i at høgskulen er fått ansvaret for Tindevegeliarstudiet, og vore med i utviklinga av Arctic Nature Guide-studiet på Svalbard. Formidling av turopplevingar og ulike former for didaktiske opplegg ute i naturen har ført til fleire publikasjonar og munnlege presentasjonar med regionalt tilsnitt. Her kan vi nemne Frode Sætre, sin medverknad i boka *Frå tare til topp. Turar og opplevingar Sørøyane på Sunnmøre*, og Nils Ola Skuset sine rapportar frå Yksnøya. I tillegg har fleire landsdekkande medium vore opptekne av utviklinga av Medical Aid Mountaineering med utgangspunkt i eit prosjekt i Himalaya, der Ola Einang har spelt ei hovudrolle.

Avdeling for mediefag (AMF):

Prosjektet Media and the Cold War

Prosjektet Media and the Cold War har hatt både forskning og utvikling for auge. Utviklingsdelen har i første rekkje gitt seg utslag i utvikling av nye emne i masterprogrammet. Emnet DJM309 er eitt av dei valfrie emna som masterstudentane i Journalistikk og dokumentar kan velje. I undervisninga har ulike samarbeidspartnarar i forskingsprosjektet blitt trekt inn. Siste året blei det gjennomført eit eige James Bond-seminar med professor Tobias Hochscherf fra Kiel. Det er utvikla ein eigen variant av masteremnet på Bachelor-nivå (JOU-250) - eit emne som er spesielt retta inn mot Erasmus-studentar. Undervisninga i begge emna er på engelsk.

Praktisk dokumentarfotografi – emne på engelsk.

Avdelinga har i 2013/2014 utvikla tre emne i praktisk dokumentarfotografi, alle er engelskspråklege. Emna PDOC201 og PDOC202, kvart på femten studiepoeng, utgjer til saman studiet PDOC200 som vart avvikla første gong våren 2014 og er no i gang med sitt andre kull. Over halvparten av studentane er tilreisande norske fotografar. Flesteparten av dei andre studentane kjem frå Erasmus-programmet. Emnet DJM311 er nyleg godkjent for oppstart våren 2015. Det er eit valfritt emne på 30 studiepoeng i masteren i Dokumentar og Journalistikk, men er også ope for studentar frå andre masterløp i inn- og utland og for andre interesserte. Alle tre emna er utvikla i nær kontakt med kjende fagfolk i praktisk dokumentarfoto internasjonalt og det akademiske miljøet i Norge, England og Australia.

Fordjupingsstudium i animasjon

Animasjonsutdanninga ved HVO har i alle år vore i god dialog med den norske animasjonsbransjen. Bransjen har vore svært nøgde med jobben vi har gjort, men dei siste åra har det kome signal om at bransjen er i eksplosiv utvikling og at dei i tillegg til animatørar også treng nye prosjektleiarar og filmregissørar. Dialogen førte til at vi i 2013 starta opp eit fordjupingsstudium som heiter Animation Film Production, med fire nyutdanna animasjonsstudentar. Opptakskravet er bachelor i animasjon. Modulen gir 60 studiepoeng og kan nyttast ved eventuelt masterløp seinare. Tilbakemeldingane frå dei fire første studentane var så gode at vi gjentek prosjektet også i år med ni nye namn på studentlista. Programmet er på engelsk.

Studio 3

Avdelinga har gjennomført eit stort utviklingsarbeid i Studio 3. Vi har oppgradert heile «sendekjeda» til HD. Kamera, bildemiksar og streamingsutstyr er skifta ut. Med den nye teknologien kan ei fjernsynssending i dag produserast med færre ressursar enn tidlegare. Dette er ei utvikling som også skjer i bransjen ved at «alle» mediehus i dag skal ha eigen WEB-TV. Vi står dermed godt rusta til å gje ei opplæring som gjer dette mogeleg. Vi har også skifta ut fjernsynslys med meir miljøvenlege lys. Desse bruker mellom 80 og 90 prosent mindre energi enn dei gamle lysa. Vi har montert nytt maskinrom for å betre arbeidsforholda for alle i studio. Dette har mellom anna ført til at alle maskiner er i eige rom slik at støy og varme er eit vesentleg mindre problem no enn tidligare. Dette har kravd innføring av ny teknologi for styring av maskiner, noko som har gitt oss brei erfaring for bruk i seinare prosjekt.

Kursmodul i krisehandtering

Kommunikasjonsutdanninga har arbeidd med å utvikle ein kursmodul i krisehandtering. Vi gjennomførte ein pilot der vi hadde Fylkeskommuna i Møre og Romsdal som case. Dei aller fleste rektorane ved vidaregåande skular i fylket var med og vi fekk særst gode tilbakemeldingar. Vi har no sett i gang eit arbeid med å gjere denne kursverksemda meir systematisert og vi kjem til å søkje om støtte til å utvikle dette vidare.

Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH):

Omgrepet «utviklingsarbeid» femner vidt. Vi har valt å avgrense det til nye tilbod eller nye tiltak der sjølve utviklingsdelen er tidsavgrensa. Arbeid med kontinuerleg revidering og oppdatering av studieplanar, årlege evalueringar av studieplanar osv har vi ikkje tatt med, heller ikkje utarbeiding av lærebøker, populariseringstiltak eller anna formidlingsarbeid.

- Utvikling av innhald og opplegg for PhD-graden (samarbeid med HiMolde, Tor-Johan Ekeland, Kåre Heggen og Jan Inge Sørbo)
- Sosialfagprosjekt i UH-Nett Vest involverer fleire, ansvarleg Tor-Johan Ekeland (vil gi grunnlagsdata for vidare prosjekt/stipendiatar etc)
- Barnevernsprosjekt i UH-Nett Vest involverer fleire, ansvarleg Kåre Heggen (Vil gje grunnlagsdata for vidare prosjekt/stipendiatar etc)
- Prosjektet «Tverrprofesjonell praksis» i helse- og sosialfag (jf «Samhandlingsreformen»), UH-nett Vest (Bente Hasle).
- Omsorg for demente – kurs med evalueringsrapport (Anne-Sofie Egset, Øystein Salhus)
- Utvikling av masteremne i «Barnevernfagleg rettleiing», i samarbeid med HiSF, oppdrag for Barne- og likestillingsdepartementet (Rune Kvalsund, Anne Marie Verpe)
- I samarbeid med private konsulentfirma har avdelinga utvikla kurs i leiing for politiet og fylkeskommunen (Jørgen Amdam, Magnar Hjertenæs) og i juss for helse- og omsorgsarbeidarar i kommunane (Margrete Homlong).
- vidareutvikling av nettundervisninga i historie, utprøving av ny teknologi for fjernundervisning og vurdering av tilpassing etter MOOC-prinsipp (Arnfinn Kjelland)
- HOP-prosjektet (helse og omsorg i plan) i samarbeid med KS, HiL, UiT, UiA, 2. kull av 5 planlagte ferdig våren 2014 (Roar Amdam og Randi Bergem).